# RAPPORT

**Tettstadane våre sett frå handels- og tenesteytande næringar sin ståstad.**
**Spørjeundersøking og SWOT-analyse. September 2021**

KVAM Næringsråd
nettverk for næringslivet

ver. 14.september 2021

# Innhald

INNLEIING ..... 2
RESULTAT FRÅ SPØRJEUNDERSØKINGA ..... 4
OM UTVIKLINGA DEI SISTE 5 ÅRA ..... 4
KVA TENKJER VERKSEMDENE OM STATUS 5 ÅR FRAM I TID, I 2026, OM SI EIGA VERKSEMD? ..... 4
OM GENERASJONSSKIFTE/EIGARSKIFTE ..... 5
OM KUNDEGRUNNLAGET ..... 5
REKRUTTERING AV TILSETTE ..... 6
INKLUDERING AV INNVANDRAR ..... 7
SAMARBEID LOKALT/REGIONALT INNAN BRANSJER OG GENERELT ..... 8
TILGANG KAPITAL ..... 8
TETTSTADEN SIN ATTRAKTIVITET ..... 9
TOMME NÆRINGSLOKALE ..... 10
INFRASTRUKTUR - VEG, BREIBAND OG KRAFT ..... 14
PARKERING ..... 16
KOLLEKTIVTRAFIKK ..... 18
VIRKEMIDDELAPPARATET ..... 18
VESTLAND FYLKESKOMMUNE ..... 19
KVAM HERAD (sjølve heradet – som politisk/administrativ eining) ..... 20
LOKALPRESSE ..... 24
KULTUR FOR SAMARBEID ..... 24
SWOT–ANALYSAR ..... 27
STRANDEBARM ..... 28
TØRVIKBYGD ..... 31
NORHEIMSUND ..... 34
ØYSTESE ..... 39
NOKRE TEMA FOR VIDARE OPPFØLGING OG ARBEID ..... 46
FELLES FOR HEILE KVAM ..... 46
STRANDEBARM ..... 49
TØRVIKBYGD ..... 50
NORHEIMSUND ..... 51
ØYSTESE ..... 52
ÅLVIK ..... 52
REFERANSAR ..... 53

# INNLEIING

**Bakgrunn for arbeidet**
Kvam Næringsråd tok initiativ til undersøkinga hausten 2020. Bakgrunnen var at handels- og servicetilbodet i tettstadane våre er utsett for konkurranse frå netthandel og handelslekkasje til Bergen. Dette bidreg til at vi i aukande grad ser tomme forretningslokale og lågare aktivitet, og det skjer såleis ei utarming av sentrumsområda. Kvam Næringsråd ynskste å finne ut kva næringsdrivande innan handel og tenestyting til privatmarknaden i tettstadane tenkjer om dette.

I samfunnsdelen i Kvam herad sin kommuneplan 2015-2030 er det definert 5 tettstader i Kvam; Norheimsund, Øystese, Ålvik, Tørvikbygd og Strandebarm/Tangerås.

**Organisering**
H. J. Andersen AS v/Hans Jørgen Andersen vart engasjert som prosjektleiar. Arbeidet er gjennomført i samarbeid med Kvam herad, lokale næringslag m.fl.

Prosjektgruppa har bestått av:
Kvam Næringsråd v/dagleg leiar Torleiv Ljones og styreleiar Tone Søgaard
Norheimsund Næringslag v/leiar Jahn Brattli Tolo,
Øystese Næringslag v/leiar Gjermund Stuve,
Ålvik Næringslag v/nestleiar Hans Pulles,
Strandebarm v/Olav Sletvold
Tørvikbygd v/ grendautvalet Stig Aase
Kvam herad v/ Jan Tjosås og Jon Nedkvitne

Prosjektgruppa har hatt tre møter. Slik situasjonen har vore med smitteverntiltak, lokale og nasjonale restriksjonar i 2021, har arbeidet teke lenge tid enn opphaveleg planlagt.

**Finansiering**
Kvam herad ved kraftfondet har finansiert arbeidet med eit tilskot på kr. 100.000.

**Avgrensing**
Verksemdene er for det meste innan varehandel og tenesteytande næringar i sentrum som har privatpersonar som kundar, men nokre har og næringslivskundar. Dei store verksemdene i Kvam som primært sel i bedriftsmarknader er ikkje med i undersøkinga, som t.d. Bjølvefossen, Lid Jarnindustri, Lingalaks, Fjellstrand, GBS Entreprenør, Kleppe møbelfabrikk, Norhand Industri og Hardingsmolt.

Vi har i størst mogleg grad sett vekk frå effektar av koronaepedemien i arbeidet.

**Gjennomføring**
48 verksemder, representert med 57 personar (1-3 pr. intervju) er intervjua i mars- juni, 24 i Norheimsund, 17 i Øystese, færre enn 5 i Strandebarm/Tangerås, færre enn 5 i Tørvikbygd og færre enn 5 i Ålvik. Det er gjennomført 4 samlingar i august i Strandebarm, Norheimsund, Øystese og Tørvikbygd. Intervjua og samlingane danner grunnlaget for denne rapporten.

Ein stor takk til alle som har stilt opp og vist engasjement.

Samla årleg omsetnad (tal frå 2019/2020) for verksemdene som er intervjua er 693 millionar. Dei same verksemdene representerar 425 årsverk. Fleire av verksemdene som er intervjua har sal både til privatpersonar i butikk og t.d. installasjonsverksemd i bedriftsmarknaden (t.d. røyrleggjar/elektro).

Det er få som er intervjua på dei mindre tettstadene, så ein skal ikkje tolke desse resultata for bokstaveleg, statistisk sett er det eit svakt grunnlag for generaliseringar.

Spørsmåla frå undersøkinga er skrivne i ***kursiv/feit font*** i denne rapporten.

**Om hovudkapitla i rapporten**
*Resultat frå spørjeundersøkinga* er basert på intervjua og gjennomgang av spørjeskjema med kvar einskild verksemd. Spørjeundersøkinga inneheldt 52 spørsmål frå forskjellige tema. Fleire tema i spørjeundersøkinga var henta frå Dsitriktsnæringsutvalet sin NOU 2020:12 som vart lagt fram i oktober 2020.

*SWOT-analysar* er basert på intervju med kvar einskild verksemd og samlingar i tettstadane.

*Nokre tema for vidare oppfølging og arbeid* er prosjektgruppa si sammanstilling av tema prosjektgruppa meiner er det er viktig å arbeide vidare med. Prosjektgruppa lar det vere ope om korleis, når og kven som bør arbeide med kvart einskild tema. Uavhengig av dette kan vi seie at for mange av temaa er eit breitt samarbeid naudsynt for å skape gode resultat.

**Bruk av resultata og metodar nytta i arbeidet.**
Ved sitering frå denne rapporten eller bruk av metodar som er nytta i arbeidet skal kjelda verte oppgitt.

**Nokre viktige referansar**

**NOU 2020:12 Næringslivets betydning for levende og bærekraftige lokalsamfunn**
Det såkalla Distriktsnæringsutvalet vart leia av Svein Richard Brandtzæg, og la i oktober 2020 fram si utgreiing «Næringslivets betydning for levende og bærekraftige lokalsamfunn». Ein del av temaa i denne utgreiinga er nytta som grunnlag for å lage spørsmål til verksemdene i undersøkinga, og i denne rapporten vert det vist til NOU 2012:12 der det er naturleg.
https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2020-12/id2776843/?ch=1

**NOU 2020:15 Det handler om Norge. Bærekraft i hele landet. Utredning om konsekvenser av demografiutfordringer i distriktene**
Det såkalla Demografiutvalet vart leia av Victor Norman, og la i desember 2020 fram si utgreiing «Det handler om Norge. Bærekraft i hele landet. Utredning om konsekvenser av demografiutfordringer i distriktene».
I denne rapporten vert det vist til NOU 2012:12 der det er naturleg.
https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2020-15/id2788079/

**Sentralitet og Kvam**
Sentralitet er ein indeks med verdi for kvar einskild kommune. Fram til og med 2017 var indeksen basert plasseringa til kommunen i forhold til tettstader og storleiken til desse tettstadene. Frå og med 2018 vart det innført ein ny standard for sentralitet, basert på reisetid til arbeidsplassar og servicefunksjonar frå alle grunnkretsar der det bur folk. Desse verdiane er grupperte saman til seks klassar. Oslo og nokre kommunar nær Oslo har sentralitetsklasse 1, medan 19 andre byar/bynære kommunar som Bergen, Stavanger og Trondheim har sentralitetsklasse 2. Mindre byar/bynære kommunar som Haugesund og Tromsø har sentralitetsklasse 3. Kvam har sentralitetsklasse 4, saman med mellom anna Samnanger, Voss og Bjørnafjorden. Elles i Hardanger er Ullensvang i klasse 5 og Ulvik og Eidfjord i klasse 6.
https://www.ssb.no/befolkning/artikler-og-publikasjoner/sentralitetsindeksen.oppdatering-med-2020-kommuner

Sjå siste side i rapporten for fleire referansar.

# RESULTAT FRÅ SPØRJEUNDERSØKINGA

## OM UTVIKLINGA DEI SISTE 5 ÅRA

**Utvikling i omsetnad, resultat og tal årsverk for verksemdene**

| UTVIKLING | ned | stabil | opp |
|---|---|---|---|
| Omsetnad dei siste fem åra | 2% | 47% | 51% |
| Resultat dei siste fem åra | 2% | 55% | 43% |
| Tal årsverk dei siste fem åra | 9% | 72% | 19% |

Totalt har 98% av verksemdene har hatt ein stabil omsetnad (47%) eller auka omsetnad (51%) dei siste 5 åra (nokre verksemder er og yngre enn 5 år) (2015/16-2019/20)

98% av verksemdene har hatt stabile resultat (55%) eller auka resultat (43%) dei siste 5 åra (nokre verksemder er og yngre enn 5 år) (2015/16-2019/20)

9% av verksemdene har redusert tal årsverk siste 5 år, 72% har stabilt tal årsverk og 19 % av auka tal årsverk.

Generelt kan vi seie at omsetnad og lønnsemd (resultat) er stabilt eller har betra seg dei siste 5 åra for dei aller fleste verksemdene, men tal årsverk er i større grad stabilt enn aukande.

**Om årsaker som ligg til grunn for utviklinga**

Verksemdene nemner i hovudsak interne faktorar (t.d. endring i vareutval, auka geografisk nedslagsfelt, oppkjøp, strategiske samarbeid, kvalitetsforbetring, nye forretningsområde, utvikle nye tilbod, forbetra marknadsarbeid osv.) som årsak til at omsetnad og resultat er stabilt eller har auka dei siste 5 åra. Interne faktorar vert nemnt dobbelt så ofte som eksterne faktorar ( t.d. stabilt folketal, stabil tilgang til personale).

## KVA TENKJER VERKSEMDENE OM STATUS 5 ÅR FRAM I TID, I 2026, OM SI EIGA VERKSEMD?

**Forventa utvikling i omsetnad, resultat og tal årsverk for verksemdene**

| FORVENTA UTVIKLING | ned | stabil | opp |
|---|---|---|---|
| Omsetnad fem år fram i tid | 0% | 47% | 53% |
| Resultat fem år fram i tid | 2% | 47% | 51% |
| Tal årsverk fem år fram i tid | 4% | 53% | 45% |

Ingen verksemder ser for seg redusert omsetnad. 47% av verksemdene ser før seg omsetnad på same nivå som i dag, og 53 % ser for seg ein auke.

For resultat er spådomane mykje det same, 2% ser for seg redusert resultat, 47% stabilt og 51% ein auke.

For tal årsverk er forventningane slik: 4% av verksemdene ser for seg reduserte tal årsverk, 53 % forventar stabilt tal årsverk og 45% ei auke i tal årsverk. Det er ein trend i svara at jo større verksemda er, jo større er forventninga til auka tal årsverk om 5 år. Undersøkinga dekkjer verksemder med 425 årsverk, og 262 (62%) av desse årsverka er i verksemder som forventar ei auke i tal årsverk om 5 år. La oss seie at desse verksemdene realiserer ei auke i tal årsverk på 10% i løpet av dei neste 5 åra – det utgjer i så fall eit potensiale for 26 nye årsverk i Kvam.

**Om årsaker som ligg til grunn for forventa utvikling**

Når verksemdene vert spurt om hovudårsaka(-r) til forventningane vert det som oftast tatt fram interne faktorar (t.d. investeringar, god opplæring, nye forretningsområde, geografisk utviding av marknaden, interne forbetringar, godt arbeid osv.). Ein viktig ekstern faktor som fleire nemner er at folketalet vert oppretthalde eller aukar.

## OM GENERASJONSSKIFTE/EIGARSKIFTE

For 15 av verksemdene (31%) er eigarskifte eller generasjonsskifte eit tema, med tidshorisont for skifte: 13% om kort tid, 47% innan 5 år og 40% innan 10 år.

På spørsmål om eigarskifte elle generasjonsskifte vert sett på som ein trussel elle moglegheit, svarar alle at dette er ein moglegheit for verksemda. Ei verksemd legg til at det og kan vere ein trussel.

Eigarskifte eller generasjonsskifte er relvant for mange verksemder, og vert i all hovudsak oppfatta som moglegheiter for ein ny giv.

## OM KUNDEGRUNNLAGET

**FORDELING PÅ KUNDESEGMENT**

Samla årleg omsetnad for verksemder som er intervjua: 693 millionar
Omsetnaden fordeler seg slik for verksemdene som er med i undersøkinga:

| **Kundesegment** | **omsetnad** | **%** |
|---|---|---|
| Lokale privatpersonar | 308 mill. | 44 % |
| Fritidsbustader/faste campingvogner | 56 mill. | 8% |
| Turistar | 53 mill. | 8% |
| Nettkundar | 11 mill. | 2% |
| Bedriftskundar/organisasjonar | 249 mill. | 36% |
| Andre | 16 mill. | 2% |
| **TOTALT** | **693 mill.** | **100%** |

For dei fleste verksemdene er nærmarknaden særs viktig. Tal busette i Kvam er viktig for omsetnaden, og alle som kjem på besøk er viktige kundar. Nye arbeidsplassar, turistar, hyttefolk, fastbuande, tilreisande til arrangement og festivalar osv. – alt dette er viktig for å få eit godt handels- og tenestetilbod i tettstadane våre.

***Kor langt strekkjer kundegrunnlaget seg for di verksemd?***
Her er det stor variasjon i svara, frå heilt lokalt til heile verda. Kundegrunnlaget for mange av verksemdene strekkjer seg ut over kommunegrensene til Kvam. For varehandel/tenesteyting er det slik at trafikk avlar trafikk – besøkande frå andre kommunar nyttar andre tilbod i Kvam når dei har ærend hos t.d. optikar eller tannlege.

> ***Distriktsnæringsutvalget NOU 2020:12***
> *Samarbeid lokalt og regionalt gjennom funksjonelle bo- og arbeidsmarkedsregioner er sentralt for næringsutviklingen i distriktene (Onsager, 2018). Næringsutvikling skjer på tvers av kommunegrensene. Innovasjonssamarbeid foregår både lokalt og regionalt, og den enkelte kommunens ressurser, kompetanse og infrastruktur er ofte ikke tilstrekkelig for innovative bedrifter. Onsager (2018) finner at bo- og arbeidsmarkeds-regioners egenskaper er viktigere for bedrifters lokalisering, vekst- og utviklingsmuligheter enn enkeltkommuners rammebetingelser og egenskaper. (NOU 2020:12, s.149)*

***Om verksemda ikkje har sal på nett, kunne dette vore mogleg?***
Kring 2% av omsetnaden i verksemdene er sal på nett. Fleire verksemder (spesielt dei som er knytt til kjeder) har nettsal, som «klikk og hent i butikk» e.l. Samla utgjer dette ein liten del av total omsetnad, men er kanskje viktig for å gje informasjon til kundar og skape merksemd om at butikken er der. Når kunden kjem for å hente varene vert det eit fysisk besøk i butikken samstundes. Mange nytter og heimesida til kjeden utan å bestilla, men til å orientere seg før ein går til den fysiske butikken.

Dei fleste av dei som har freista å bygge opp eigen nettbutikk har konkludert med at det er krevjande å konkurrera med «dei store på nett» - på pris og ikkje minst i høve til det å vere synleg på nett. I tillegg er det dyrt og arbeidskrevjande. Det er fleire som har lagt ned mykje tid og innsats på å freiste å få det til.

Mange opplever sosiale media eit godt vektøy og ein god marknadsføringskanal for lokalmarknaden.

**KUNDELOJALITET**
Fleire av dei spurde framhevar kor viktig det er at dei som bur i Kvam nytter seg av tilboda som finst – elles vil nokre av tilboda stå i fare for å forsvinne. Det er ikkje så lett å måle kor lojale kvemmingane er i høve lokalt vare- og tenestesal, men for butikkane i Strandebarm, Tørvikbygd og Ålvik spurte vi:

***Kor stor andel av dei lokale nytter butikken sin fast?***
Dei som driv varehandel anslår at 50-75% av dei lokalt busette nytter butikken sin fast. Høgast andel i Strandebarm, lågast andel i Tørvikbygd og Ålvik.

**Kommentarar:**
Om andelen busette i Strandebarm, Tørvikbygd og Ålvik som nytter butikken sin fast aukar, vil omsetnaden gå opp. Ein konsekvens av dette kan vere at det vert rimelegare varer og betre utval i nokre av daglegvareforretningane (t.d. overgang frå COOP Marked til COOP Prix).

**REISELIV OG FRITIDSBUSTADER**

***Er reiselivet viktig for di verksemd?***
Heile 83% av verksemdene svarer ja, eller noko, på dette spørsmålet. For 17% av verksemdene er ikkje reiselivet viktig.

***Er hytter og vogner på Kvamskogen ei kundegruppe for di verksemd?***
80% av verksemdene i Norheimsund og Øystese svarer ja på dette. For verksemdene i Ålvik, Strandebarm og Tørvikbygd er utgjer dette naturleg nok ei mindre kundegruppe.

***Er fritidsbustader generelt ei kundegruppe for di verksemd?***
82% av verksemdene svarer ja på dette. I tillegg til Kvamskogen er det mykje fritidsbustader fordelt utover i heile heradet.

***Marknadsfører verksemda seg mot Kvamskogen eller andre fritidsbustader?***
56% av verksemdene svarer at dei marknadsfører seg mot hyttene på Kvamskogen eller andre fritidsbustader. Av dei som ikkje har slikt marknadsarbeid, seier halvparten av det kunne vore relevant med slik marknadsføring.

**Kommentarar:**
Kvam er ein reiselivskommune – og mange av verksemdene treng den omsetnaden det fører med seg.

## REKRUTTERING AV TILSETTE

***Er rekruttering av arbeidskraft med relevant kompetanse ei utfordring for di verksemd?***
Ja 51%, noko 17% og nei 32%
For kring halvparten av verksemdene er det ei utfordring med rekruttering av arbeidskraft med relevant kompetanse. Ser vi på storleiken til verksemdene er det dei største verksemdene som har dei største utfordringane. Dei verksemdene som svarar ja står for 66% av total omsetning som undersøkinga omfattar.

**Kommentarar:**
Det ser ut til at rekruttering av arbeidskraft med relevant kompetanse er ei omfattande utfordring i Kvam.

> ***Distriktsnæringsutvalget NOU 2020:12***
> *En av hovedutfordringene for bedriftene i Distrikts-Norge er tilgang til arbeidskraft med relevant kompetanse. (NOU 2020:12, s.95)*
> *Navs nasjonale bedriftsundersøkelse kartlegger hvert år kompetansebehov etter næring, fylke og yrke. Forskjellene er store, men den samlede mangelen på arbeidskraft har økt med over 15 000 personer fra våren 2018, til rundt 60 000 personer våren 2019 (NOU 2020:12, s.101)*

*Det er ressurskrevende for mange bedrifter å avdekke egne kompetansebehov. Større bedrifter med egne HR-funksjoner håndterer gjerne kompetanseutvikling som del av kjernevirksomheten. Små og mellomstore bedrifter, som særlig preger næringslivsstrukturen i Distrikts-Norge, mangler ofte kapasitet og ressurser til å jobbe systematisk med kompetanseutvikling (Berge, 2018). (NOU 2020:12, s.103)*

***Er dei vidaregåande skulene viktige for di verksemd?***

Ja 64%, noko 17% og nei 19%

På same vis som utfordring med rekruttering av arbeidskraft generelt, er dei vidaregåande skulene viktigare for dei større verksemdene enn for dei små. Dei verksemdene som svarar ja står for 83% av total omsetnad i undersøkinga.

**Kommentarar:**

Dei vidaregåande skulene er viktige på fleire vis. Skulen i seg sjølv som bedriftskunde, dei tilsette og elevane er kundar hjå næringsdrivande, og mange verksemder har trong for skuleelevar som deltidsarbeidarar. Eit godt skuletilbod på vidaregåande nivå aukar attraktiviteten for Kvam som stad å bu – og gjer at folk i større grad vil busette seg her. Det igjen er viktig for at verksemder i Kvam skal vere attraktive som arbeidsgjevarar. Sist, men ikkje minst, så er verksemder i Kvam avhengige av tilgang på skulert arbeidskraft – med fagbrev eller som lærlingar. Fleire av verksemdene trekker fram at tilboda for yrkesfag er sterkt svekka i Kvam (bilfag, bygg og elektro er fjerna). Dette er ein trugsel mot verksemdene og lokalsamfunnet. Samordna, koordinert og målretta arbeid for å styrkje yrkesfaga på Kvam vidaregåande skule er naudsynt.

## INKLUDERING AV INNVANDRAR

***Har du, eller har du hatt innvandrarar som tilsette?***

Ja 63%, nei 37%

**Kommentarar:**

Ein høg andel av verksemdene i Kvam har eller har hatt innvandrarar som tilsette.

***Distriktsnæringsutvalget NOU 2020:12***

*Innvandrere som er inkludert og en del av lokalsamfunnet, og som har jobb, velger i større grad å bli boende. Når innvandrere slipper til og får brukt sin kompetanse i lokalt næringsliv, blir de ikke bare en ressurs for bedriften, men også for lokalsamfunnet (Søholt, Tronstad & Vestby, 2015).*

*Selv om arbeid er den viktigste bli-faktoren, har også andre forhold betydning: Bolig, utdanningsmuligheter i egen region, oppvekstmiljø, sosialt miljø/møteplasser og den lokale elitens holdning til innvandrere (NOU 2020:12, s.84)*

*.. Når ledende personer i næringslivet tydelig signaliserer og viser at innvandrere er viktig for næringsliv og lokalsamfunn, kan også lokalbefolkningens syn på innvandrere endres i positiv retning. Ved å kommunisere og vise at innvandring betyr mye for utviklingen av kommunen, kan næringslivet bidra til at innvandrerne føler seg velkomne, og gi dem økt lyst til å bli boende (NOU 2020:12, s.85)*

***Som kundar, spør innvandrarar etter andre varer/tenester?***

Ja 13%, nei 59% og ikkje relevant 28%

**Kommentarar:**

Innvandrar som kundar påverkar få næringsdrivande i høve vare- og tenesteutval. For nokre verksemder har det hatt betydning, og teneste- og vareutval vert utvida og gjev større tilbod til alle kundar.

***Om respondenten er innvandrar: Har du vanskar av di du er innvandrar?***

Ja: 0% , nei 100% Dette gjeld få verksemder i undersøkinga.

## SAMARBEID LOKALT/REGIONALT INNAN BRANSJER OG GENERELT

***Har du fysiske møteplassar der du treffer kollegaer i same næring/andre bransjar***

Ja 81%, nei 19 %

| |
|---|
| ***Distriktsnæringsutvalget NOU 2020:12***<br>*Møteplasser der ulike bransjer og sektorer kan samarbeide, har vist seg som en god måte å tilrettelegge for innovasjon på (NOU 2020:12, s.80)* |

## TILGANG KAPITAL

***Er du nøgd med banktenestene frå banken din?***

Ja 88%, nei 13%

***Nytter du lokal bank?***

Ja 85%, nei 15%

**Kommentarar:**

Vi ser at lokalbanken har ein stor marknadsandel, og at dei aller fleste er nøgd med tilboda.
Blant dei som ikkje er nøgde vert avgrensa opningstid og liten risikovilje trekt fram.

| |
|---|
| ***Distriktsnæringsutvalget NOU 2020:12***<br>*Lokale banker har i en del tilfeller et informasjonsfortrinn ved utlån til lokale virksomheter. Dette har potensielt to effekter:*<br>*–Konsentrasjonen i bankmarkedet er høyere og konkurransen er lavere i mindre sentrale strøk. Dette gjør at bankene kan utnytte sin informasjonsfordel og markedsmakt ved å ta høyere renter.*<br>*–Næringslivet har mindre tilgang til lånekapital i områder uten lokale banker. (NOU 2020:12, s.95)*<br>*Kapitaltilgangsutvalget peker på at lokale og regionale banker er særlig viktige for små bedrifter i Distrikts-Norge.*<br><br>*Nesten halvparten av norske småbedrifter (færre enn elleve ansatte) har lokal- eller regionalbanken som sin långiver. To av tre bedrifter i de minst sentrale kommunene i Norge bruker lokal- og regionalbanken (NOU 2020:12, s.137)*<br>*En svensk studie undersøker hvordan ulike egenskaper ved lokal banksektor påvirker dannelsen av nye selskaper. Studien finner at en lokal banksektor med større bankfilialer, flere uavhengige banker og flere bankfilialer per innbygger er positivt forbundet med et høyere antall lokale etableringer (NOU 2020:12, s.137)* |

## TETTSTADEN SIN ATTRAKTIVITET

Med stikkord som variert tilbod av møteplassar, handel, tenester og kulturaktivitetar.

***Har folk lyst til å komme til sentrum? Er det kjekt, triveleg og koseleg?***
for alle svara: Ja: 86%, ja - men kunne vore betre 10% og nei 4%

| | Ja | ja - men kunne vore betre | nei |
|---|---|---|---|
| Strandebarm | 100 % | | |
| Tørvikbygd | 100% | | |
| Norheimsund | 88% | 12% | |
| Øystese | 78% | 11% | 11% |
| Ålvik | 100% | | |

**Nokre kommentarar frå verksemdene:**

**Strandebarm:** kunne vore meir som skjer, betre fysisk utforming

**Tørvikbygd:** aktive frivillige lag og organisasjonar, flott natur

**Norheimsund:** kjekt om sommaren i alle fall, skulle hatt fleire spesial/småbutikkar, mykje trafikk, litt mykje pizza og trening i sentrum

**Øystese:** både og, reduser farten på trafikken, ein jobb å gjere, går rette vegen, håper det vert betre, tilbod kunne vore meir synleg, ynskjer fleire tilreisande utanom høgsesong.

**Ålvik:** kafé og leilegheiter står tomme.

***Distriktsnæringsutvalget NOU 2020:12***
*Et variert tilbud av møteplasser, handel, tjenester og kulturaktiviteter påvirker småbyenes attraktivitet og konkurransekraft, og mangel på et levende sentrum med uformelle møteplasser og sosiale rom kan være en utfordring på mindre steder (NOU 2020:12, s.80)*
*Utvalget mener følgende: For å øke bostedsattraktiviteten i distrikts-kommunene bør kommuner samarbeide for å utvikle felles arbeids- og fritidsregioner med urbane kvaliteter. For å bygge opp under den kommunale innsatsen bør flere kommuner aktivt bruke data om innbyggernes levevilkår. I tillegg bør DOGAs innsats tilknyttet tettstedsutvikling styrkes for å kunne støtte lokalsamfunnsutvikling i flere distriktskommuner. (NOU 2020:12, s.178)*

***Demografiutvalet 2020:15***
*3.2.6* ***Stor aktivitet i distriktskommuner for å utvikle lokalsamfunnet***
*Distriktskommuner har i lang tid arbeidet for å være attraktive for næringsliv og befolkning.*
*.. På oppdrag fra utvalget har Distriktssenteret oppsummert eksisterende kunnskap om resultater og effekter av distriktskommunenes arbeid med å rekruttere og beholde innbyggere.*
*Distriktssenteret påpeker at kommuner i begrenset grad kan påvirke netto befolkningsutvikling. Derimot kan de i noen grad påvirke befolkningsutviklingen indirekte, gjennom lokalt utviklingsarbeid med mål om å styrke attraktiviteten til kommunen/regionen. Dette omfatter innsats rettet mot arbeidsmarked og næringsutvikling, boliger og bomiljø, fysiske stedskvaliteter, kultur- og fritidstilbud, møteplasser, informasjon og veiledning, omdømme og fysisk og digital infrastruktur.*
*Telemarksforsking har analysert det de kaller suksessrike distriktskommuner, forstått som kommuner som har hatt en sterkere vekst i enten arbeidsplasser eller innbyggertall enn hva de strukturelle forholdene skulle tilsi.*
*Telemarksforsking understreker at kommunene har valgt ulike strategier og satsingsområder på sin vei til å bli attraktive, men at det likevel er noen kjennetegn som er felles for kommunene. Basert på dette gir de følgende anbefalinger om hva som bør kjennetegne en utviklingskultur for å skape en attraktiv kommune:*
*– Kommunen kan ikke skape attraktivitet alene. Attraktivitet skapes i samspill mellom kommune, næringsliv, frivillig sektor og andre.*
*–Attraktivitetsforbedring krever stor innsats og tar lang tid. Det gjør at skippertak ikke fungerer godt. Kommunen*

*må ha kontinuerlig fokus på attraktivitet over lang tid sammen med resten av samfunnet.*
*–Godt samspill mellom kommunen og de andre viktige samfunnsaktørene krever høy tillit. Kommunen har ansvar for å skape denne tilliten gjennom åpenhet, god dialog og vedvarende prosesser.*
*–Kommunen må ha evne til å reagere raskt og utnytte positive muligheter i næringslivet (ha beredskap for flaks),*
*–men bør som hovedstrategi å arbeide langsiktig for å stimulere til vekst i det næringslivet de har i dag. Veksten i næringslivet kommer i de bransjene og i den typen næringsliv som kommunen har forutsetninger for og derfor stort sett i de bransjene som er der fra før. Det er lite fruktbart å ønske seg en annen næringsstruktur enn det en har.*
*–Kommunene må sikre seg at mangelfulle arealplaner og byggesaksbehandling ikke stopper investeringer i næringsliv eller boligbygging. Dette inngår også i å ha beredskap for flaks. Det må bygges nye boliger og næringsbygg i kommunen for at ikke bygningsmassen gradvis forringes. (NOU 2020:15,s.75)*

## TOMME NÆRINGSLOKALE

***Kva er medisinen for å få aktivitet i tomme lokale i sentrum? (ope spørsmål)***

Det finst truleg ikkje noko enkelt svar på dette. Innleiande svar av typen "Den som hadde visst det" og «Ja, det var det..», «Ikkje enkelt, hadde vi visst svaret hadde det vore fullt», «Vrient» osv. var ikkje uvanleg.

Forsøk på å sortere svar i kategoriar:

*Prosess-/strukturorienterte tiltak:*
- Stimulere til gårdeigarsamarbeid, næringslag, næringsråd og heradet. Utfordre huseigarar.
- Huseigarar møtes, sjå heilskap, unngå kannibalisme, sjå den totale mixen.
- Kva treng me? Skaffe kunnskap om dette.
- Må leite etter leigetakarar, finne folk som vil starte noko.
- Kan alltid bli flinkare til å samarbeide.
- Treng nettverk, gründerkurs, positiv kommune (nytte kraftfond). Anna risikokapital.
- Betre moglegheiter til hjelp ved oppstart
- Analyse, tenk større
- Leite etter butikkar, verkstad, handtverkarar som treng lokale
- Få til ting saman, dra i trådar. Når ledige lokale dukkar opp - "konsortium" - samarbeid, nokon må dra lasset.
- Samle folk, få ballen til å rulle.

*Konkrete tiltak:*
- Program med rimeleg husleige for dei som vil prøve.
- Billige lokale tilgjengeleg.
- Følge med på moglegheiter på nett.
- Det må vere enkelt å starte opp.
- Meir aktivitetar/kjekt som skjer/konsertar etc.
- Slå saman butikkar/spesialbutikkar (ala Skoringen/Kozmoz/kontorutstyr i Norheimsund)
- Fleire under same tak - fleire bein å stå på
- Når nokon skal legge ned- få ut informasjon om andre til dette – slik at moglege interessentar kan overta.
- Huseigar tek investeringar (som eigentleg skal ligge på leigetakar), og leigetakar betaler ned over tid
- Noko alle er interesserte i , må femne kvemmingane
- Smidig byråkrati.

*Om haldningar hos kundane:*
- Folk bruker kafeane for lite (auka medvit om at tilbod som ikkje vert nytta kan forsvinne)
- Folk må vere bevisste og nytte tilbod.
- Bevisstgjering om å nytte lokale tilbod
- befolkninga bruker lokale butikkar/tenester - snakke det fram.
- nokon som vil noko, heie på dei.
- nye tilbod, tenkje nytt

- ikkje berre butikkar, men og andre ting
- snu frå varehandel til varer/service/tenester som folk ikkje kan få på nett

*Haldningar hos næringsdrivande:*
- Samarbeid ("Trur ikkje at ein tullebukk kan finne ei løysing åleine"), openheit, dialog
- Framsnakk, vær positiv, jobbe saman, støtte dei som vil

*Om folk:*
- Vi treng nokon som vil satse
- Fleire kan gå i lag – spleise på kapital til etablering/drift
- Ikkje mange som tør å starte opp.
- Initiativ, dei aller fleste kan få til noko om dei vil
- Få tak i folk som vil gjere noko
- Eldsjeler som vil
- Må ha tilflytting og ressurspersonar som kommer

*Kva bør kjenneteikne nyetableringar?*
- Ikkje lag fleire tilbod av det vi allereie har. Unngå meir eller mindre kopiar av allereie eksisterande tilbod.
- Finn på noko som ikkje finns
- Noko for alle/nytt, folk må bruke det
- Mangfald, ikkje meir av det same
- Snu om frå tradisjonell varehandel til ikkje-konkurrerande med nett.

*Om eksisterande verksemder:*
- Eksisterande bedrifter må være på hogget og tilby løysingar for kundane (endring over tid gjeld og eksisterande verksemder – ikkje berre at nye kjem til)

**Kommentarar:**
Med det generelle nivået på omsetnad og lønnsemd innan varehandelen og tenesteyting er det ikkje forventa noko storstilt nybygging av lokale for desse tilboda i tettstadene våre. Nye lokale = dyrare husleige = større krav til lønsemd. Som nyetablerar eller ein som vil utvide må ein i stor grad forhalda seg til dei lokala som finst. Nokre av verksemdene peika på at tilgjengelege lokale sentralt ofte er mindre i areal og ikkje heilt som ein hadde ynskt seg i utgangspunktet. Så ein må i stor grad forhalde seg til den gamle bygningsmassen som finnst.

Om prisnivå på næringslokale til leige er det fleire som meiner at dette er rimeleg (til dels særs rimeleg) i dag, og at enda billegare husleige er urealistisk å rekne med. Ved oppstart av ei verksemd er det og mange andre kostnadar, og husleige utgjer bare ein del av totalen - «ikkje enkelt, dyrt å starte opp uansett».

Nokre av respondentane påpeiker trongen for å stikke fingeren i jorda – storleiken på nærmarknaden i Kvam er avgrensa - og for store aktørar i bransjar som bokhandel, skobutikkar m.m. ser dei på nærmarknaden til Kvam som alt for liten til å etablere utsal her. For nokre bransjar (t.d. optikar) er tommelfingerregelen at ein marknad kring 10.000 er nok til å etablere ein butikk. For andre bransjar vert kundegrunnlaget i Kvam vurdert til å vere for lite for at kjeder kan etablere seg (t.d. innanfor utstyr til dyr, bokhandel og skobutikk). Då vert ein avhengig av at flinke folk tek saka i eigne hender og bygger opp tilbod til tross for at almen oppfatning i bransjen er at kundegrunnlaget er for lite. For å få suksess med slik satsing kan ein søkje etter gode løysingar – som å slå saman forskjellige butikkar og drive under same tak eller spesialisera seg og gi særs gode tenester som gjev trufaste kundar – både i og utanfor Kvam. Det er fleire butikkar i Kvam som viser at det kan vere rom for å drive gode frittståande spesialbutikkar her.

***Distriktsnæringsutvalget NOU 2020:12***
*Pilotbyene (Tromsø, Lærdal og Arendal i 2016–18) har oppnådd en bedre sammensetning av byliv i tidligere tomme lokaler, med blant annet produksjonslokaler, informasjonssentre, grendehus, felleskontorer, lekerom, designbyrå og møteplasser. De har også fått til samskaping gjennom samarbeid mellom fagfolk og frivillige, og tettere samhandling mellom gårdeiere, sentrumsforeninger og kommuner (DOGA, Levende lokaler) (NOU 2020:12, s.82)*

***Noko vi manglar/som kunne vore etablert? (ope spørsmål)***

*Norheimsund:*
8 svarar bokhandel, gjerne i kombinasjon med lesekrok eller andre tilbod.

8 svarar meir variert restauranttilbod. Skikkeleg god/internasjonal restaurant. Spiseplass med lokal identitet (og kvalitet) - lær av Eidfjord. Skikkeleg restaurant på kaien. Koseleg uteplass - vin og oliven, kjøt og ost! Av dei 8 nemner 3 at ein sushiplass hadde vore bra.

5 svarar Glasmagasin (gjerne i lag med noka anna)
3 svarar bakeri/konditori
3 svarar jernvare-butikk
2 svarar skobutikk med større utval
3 svarar kle/utstyr for ungdom, og meir variasjon klesbutikkar
1 svarar elektrisk forretning
1 svarar meir aktivitetstilbod/sjøidrett på fjorden
1 svarar buer som kan leigast, sal eigne produkt, liv og røre på torget
1 svarar flytande badstove.
1 svarar konsertar og Pub
1 svarar parfymeri

Frå samlinga 26.8.21: Reguleringstannlege. Stort behov.

Nokre har ein litt meir nøktern tilnærming, og svarar «håper me beheld det me har..» «har breitt tilbod i dag»

*Øystese:*
2 svarer uteplass for ungdom/unge vaksne
2 svarer betre informasjon til tilreisande. Skikkeleg informasjon på ein skikkeleg måte – profesjonaliserast. Naturguide/turistinformasjon/aktivitetskoordinator
2 svarar klesforretning, gjerne herre, butikk i kombinasjon med andre tilbod.
2 svarar restaurant – sushi og meir lokalmat

Forslaga under er nemt ein gong:
- Pensjonat
- Glasmagasin
- Pub
- Leikepark
- Møteplassar når det er dårleg vær
- Benker ved elva, utvid med turområde
- Fleire butikkar, moderne/kjedefri/forbruker styrt
- Hagesenter (i tillegg til Gimle og Berge)
- Spesialforretningar som ikkje er kjedebutikkar - a la slik Nova var i Norheimsund
- Bubilplass
- Kontorfellesskap (som alternativ til heimekontor)

Også her finn vi nokre nøkterne svar som «Vi har det meste»

*Strandebarm:*
Samstundes som intervjua vart gjennomført, var Strandebarm Bistro (servering/arrangement) i ferd med å opne. Fleire sa dei var glade for dette.
Frisbee golf vart nemnt av to , fleire kulturskuletilbod av ein og pub/samlingsplass av ein.
"Har det steikjande godt her ute".

*Tørvikbygd:*
Kan auke tilbodet på dagens COOP Marked med anna vareutval (frå andre bransjar enn daglegvarer) i tillegg.

*Ålvik:*
Kafé – folk stopper opp – men folk må bruke det.

> ***Distriktsnæringsutvalget NOU 2020:12***
> *Vista analyse har sett på utviklingstrekk i omsetning av varer og tjenester i 36 norske byer av ulik størrelse. Rapporten viser at omsetning av varer faller i de fleste bysentra, mens omsetningen av tjenester som kultur, servering og opplevelser øker. (NOU 2020:12, s.81)*

***Har tettstaden det som trengs for at tilflyttarar vil busette seg? (gitt arbeid)***

| Tettstad | Ja | Nei |
|---|---|---|
| Strandebarm | 75% | 25% |
| Tørvikbygd | 100% | |
| Norheimsund | 92% | 8% |
| Øystese | 89% | 11% |
| Ålvik | 100% | |
| **TOTALT** | **90%** | **10%** |

**Nokre kommentarar frå verksemdene:**

**Strandebarm:** Attraktivt for barnefamiliar, treng større utval tomter, treng meir fleksibilitet frå heradet i høve bygging i LNF-område og liknande.

**Tørvikbygd:** Har barnehage og skule, men usikkerheit kring skule er negativt for tilflytting, treng tomter.

**Norheimsund:** Variert bustadmarknad (leige/hus/leilegheiter). Tettstaden er stor nok til at det er bra tilgang til varer og tenester, samstundes liten nok til at det er oversiktleg. Vidaregåande skuler (med breitt tilbod) er ein føresetnad for at tilflyttarar vil busette seg. Tunnel under Kvamskogen vil gje nærheit til Bergen og gje auka busetting i Norheimsund. Minus på uteliv/festliv (kanskje ikkje så farleg..). For lite tilbod av startleilegheiter og leigebustader. Treng fleire møteplassar – ein trivselsfaktor. Treng fleire leilegheiter og kulturhus. Veldig positivt at mange unge kjem tilbake etter utdanning og arbeid andre plassar. Treng fleire båtplassar. Tilbod av einebustadtomter må bli betre – treng fleksibilitet i høve rekkefølgjekrav osv.

**Øystese**: Variert bustadmarknad, om nettverket (privat) manglar, kan det vere litt kjedeleg – organisasjonslivet er i stor grad den sosiale arenaen. Utviklinga går rett veg, og Øystese er på god veg. For lite tomter til einebustader. Bør strekke seg etter meir. Bustader til sesongarbeidarar er mangelvare. Korleis kan ein jobbe med møteplassar/sosiale arenaer, for eit meir transparent samfunn?

**Ålvik**: Har barnehage, skule, masse lag og organisasjonar, billege hus og leilegheiter, har fått pendlarar til Norheimsund og Voss som har busett seg i Ålvik.

**Kommentarar:**
Eit stort fleirtal av dei intervjua meiner at eigen tettstad har det som trengs for at tilflyttarar vil busette seg – vel å merke med føresetnad om at vedkommande har med sitt eige arbeid – eller det er tilbod om arbeid her.

***Distriktsnæringsutvalget NOU 2020:12***
*Et variert tilbud av møteplasser, handel, tjenester og kulturaktiviteter påvirker småbyenes attraktivitet og konkurransekraft, og mangel på et levende sentrum med uformelle møteplasser og sosiale rom kan være en utfordring på mindre steder (NOU 2020:12, s.80)*

*Kompakt byutvikling er et ideal for byutvikling i henhold til statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal og transportplanlegging som skal sikre en sosial, miljømessig og økonomisk bærekraft. Mange mindre kommuner har kapasitetsutfordringer på plansiden og manglende kompetanse innenfor fortetting og arkitektur. Det kan skape utfordringer for oppdatering av planverket. Samtidig ønsker næringslivet at kommunene skal ha et oppdatert planverk som gjør det mulig å få på plass ny næringsvirksomhet raskt.*

*Den kompakte småbyen med et levende sentrum trues ofte av lokalisering av kjøpesentre utenfor byen. Kjøpekraften i småbyer er i mange tilfeller ikke stor nok til å opprettholde handel i sentrum. Det gjør småbyene ekstra sårbare i møte med nye handlemønstre som trekker handel ut av sentrum eller over på nye plattformer (Thomas & Bromley, 2003). Dette kan skape en negativ spiral hvor tilbudet av handel, service og andre tjenester som tiltrekker seg folk, blir så marginalt at det blir enda mindre attraktivt for innbyggerne å reise til, og bruke sentrum.*

*Byer med kjøpesenter i sentrum har opprettholdt varehandel i større grad enn byer med kjøpesenter utenfor sentrum. Omsetning av tjenester øker mest i byer med attraktive byrom, høy bygningsmessig kvalitet og sjøfront. Studien differensierer ikke etter byenes størrelse (Toftdahl & Haavardsholm, 2019). (NOU 2020:12, s.81)*

*Utvalget mener følgende: For å øke bostedsattraktiviteten i distriktskommunene bør kommuner samarbeide for å utvikle felles arbeids- og fritidsregioner med urbane kvaliteter. For å bygge opp under den kommunale innsatsen bør flere kommuner aktivt bruke data om innbyggernes levevilkår. I tillegg bør DOGAs innsats tilknyttet tettstedsutvikling styrkes for å kunne støtte lokalsamfunnsutvikling i flere distriktskommuner. (NOU 2020:12, s.178)*

## INFRASTRUKTUR - VEG, BREIBAND OG KRAFT

**Er vegsambanda ok for di verksemd?**

| Tettstad | Ja | Nei |
|---|---|---|
| Strandebarm | 50% | 50% |
| Tørvikbygd | 50% | 50% |
| Norheimsund | 79% | 21% |
| Øystese | 71% | 29% |
| Ålvik | 100% | |
| **TOTALT** | **73%** | **27%** |

**Nokre kommentarar frå verksemdene om kva som eventuelt bør gjerast:**

**Strandebarm:** Dårleg veg i alle retningar. Treng gul stripe, vi er 40 år etter resten av Europa.

**Tørvikbygd:** Treng betre asfaltering og utviding av vegane.

**Norheimsund:** Meir rassikring. Fjern bompengar. Slik Tokagjelet er i dag fungerer det som eit hinder (bevisst/ubevisst) for folk å komme hit frå vest. Treng tunell under Kvamskogen. Treng betre veg til Strandebarm, Ålvik-Granvin og Bergen. Det vert OK med kortare og betre veg til Bergen (ny tunell)

**Øystese**: Nedre Vik – blanding av kommersiell transport, mjuke trafikantar, privatbilar er ikkje bra. Trengs standardheving generelt. Tokagjelet er ei utfordring. Betre vedlikehald av vegnettet. Betre veg til Ålvik – Granvin. Rassikring trengs i alle retningar – og vegen i Tokagjelet må vekk slik det er i dag.

**Kommentarar:**
Dette er eit spørsmål om vegsambanda er OK for di verksemd – ikkje eit spørsmål om vegsambanda generelt er gode nok for næring, offentleg forvaltning, busette og gjestande til Kvam. Det er grunn å tru at fleire ville ha svara nei dersom spørsmålet var knytt til samfunnet generelt og ikkje knytt til den einskilde verksemda. Uansett, det kjem fram at det er eit betydeleg behov for opprusting av vegsambanda generelt i og rundt Kvam.

***Distriktsnæringsutvalget NOU 2020:12***
*Menon framholder at veiutbygginger som binder sammen mindre kommuner som allerede har lange reisetider (Lofast), har langt lavere effekt enn veiutbygginger som binder sammen kommuner til ett funksjonelt arbeidsmarked (Eiksundsambandet og E18 Kristiansand–Grimstad). Sistnevnte gir lokalt næringsliv bedre tilgang på innsatsfaktor og kunder, samt bedre konkurranse- og samhandlingsforhold i det lokale næringslivet. (NOU 2020:12, s.119)*

*Resultatene til Menon indikerer at det finnes en maksimal pendlertid som arbeidstakere er villige til å akseptere. Det er et intuitivt resultat som viser at redusert reisetid mellom to steder ikke fører til at arbeidsmarkedet utvides, dersom reisetiden mellom stedene fremdeles er lengre enn det pendlerne vil akseptere, også etter den aktuelle infrastrukturinvesteringen. Dette stemmer overens med* ***resultater fra TØI som estimerer at sannsynligheten for pendling går mot 0 ved reisetid med bil over 60 minutter****. (NOU 2020:12, s.119)*

**Er det vegutfordringar lokalt (gjennom/i sentrum)?**

| **Tettstad** | **Ja** | **Nei** |
|---|---|---|
| Strandebarm | | 100% |
| Tørvikbygd | 100% | |
| Norheimsund | 67% | 33% |
| Øystese | 65% | 35% |
| Ålvik | 100% | |
| **TOTALT** | **62%** | **38%** |

**Nokre kommentarar frå verksemdene om kva som eventuelt bør gjerast:**

**Tørvikbygd:** For høg fart gjennom Tørvikbygd – redusert fartsgrense (til 40 km/t), fartsdumpar. Meir oppstillingsplassar ferje, parkeringstilhøve generelt, dårleg trafikksikkerheit.

**Norheimsund:** Det største temaet i Norheimsund er om gjennomgangstrafikken frå E134, Jondal – Tørvikbygd bør leiast ut av sentrum gjennom tunell frå BHV–svingen til Steinsdalen. Det er argument både for og i mot.
Argument for å føre gjennomgangstrafikk ut av sentrum: Trafikken har auka og vil auke vidare, ikkje triveleg å vere i sentrum, spesielt for born, syklistar og fotgjengarar. Tungtrafikken «dytter» potensielle kundar ut av Grove**.** Skadeleg for omsetnaden i butikkar og for trivsel i sentrum. Om gjennomgangstrafikken vert lagt utanom sentrum må ein gjere tiltak for at turistar ikkje berre køyrer forbi. Grove er for trongt for all denne trafikken.
Argument for å ha gjennomgangstrafikk gjennom sentrum: Mindre trafikk = mindre omsetnad.
Av dei 17 personane som tok opp dette temaet var 15 for å legge gjennomgangstrafikken i ny tunell.

Andre tema som kjem opp som utfordringar: trongt for buss ned på kaien i høve parkerte bilar. Nedstegata har stort potensiale som ein slags «piazza» (i område ved Nedstegata 4, 11, 9 og 7) - gjerne overbygd område – i dag stort sett nytta til trafikk og parkering. Fartsreduksjon gjennom Grove. Rundkøyringa i Norheimsund er feilplassert, skulle vore i krysset fv79/fv49. Parkeringshus under Straumhaugen eller ein annan plass. Parkeringshus i samband med ny tunell BHV-svingen – Steinsdalen (innkøyring til P-hus direkte frå tunellen).

**Øystese**: ein gjengangar er at rundkøyringa i sentrum er rotete, uoversiktleg, farleg, uryddig og skummel. Ein anna gjengangar er at det er for mykje bråk/støv/tungtransport frå industriaktivitet i og rundt sentrum.
Skulle ha vore betre fortau på sjøsida mot elva.

Skulle hatt redusert fart gjennom sentrum (og meir inviterande fasadar/anna som gjer at folk får lyst til å stoppe).
Usikker skuleveg.
Asfalt og parkeringsplassar som dominerer i sentrum
Skulle hatt miljøgate – det vert arbeidd med sentrumsplan – positivt.
Miljøgate og breiare fortau a la Flå. Ikkje bra for fotgjengarar i dag
Er det mogleg å få gjennomgangstrafikken ut av sentrum? Ringvegløysing? Knytte Vavollen direkte mot fv5120 for å få trafikk ut av sentrum/Vik/Meierihola – som ei løysing på for mykje yrkestrafikk/tungtransport/privat trafikk vert klemt inn i sentrum frå alle kantar.

***Er breibandtilgang og -stabilitet ok for di verksemd?***

| Tettstad | Ja | Nei |
|---|---|---|
| Strandebarm | 25% | 75% |
| Tørvikbygd | 50% | 50% |
| Norheimsund | 100% | |
| Øystese | 100% | |
| Ålvik | 100% | |
| **TOTALT** | **92%** | **8%** |

Dette kan tyde på at overføringskapasiteten på fiber utover i heradet kan vere pressa.

> ***Distriktsnæringsutvalget NOU 2020:12***
> *Tilgang på bredbånd med høy kapasitet er best i Oslo, men Hordaland, Rogaland og Akershus har også over 90 prosent dekning. .. Dekningsgraden sier imidlertid ikke alt. Mange områder sliter med manglende redundans, det vil si alternativ kommunikasjon når det er brudd på nettet til området. (NOU 2020:12, s.119)*

***Er problem i høve infrastruktur for straum relevant for di verksemd?***
Ja 4%, nei 96%

**Kommentarar:**
Straumforsyninga i Kvam vert opplevd som robust. På den andre sida veit vi frå tidlegare at kapasiteten/tilgang til straum enkelte stader i Kvam er begrensa for verksemder som treng mykje straum, og at tilgang til straum kan vere ein flaskehals for etablering/utviding for store kraftforbrukarar. Om det er nye store straumkrevjande etableringar som vert planlagde er det viktig å ta kontakt med Kvam Energi tidleg i prosessen.

## PARKERING

***Er parkeringstilhøva OK for deg og dine kundar?***

| Tettstad | Ja | Nei |
|---|---|---|
| Strandebarm | 100% | |
| Tørvikbygd | 100% | |
| Norheimsund | 74% | 26% |
| Øystese | 94% | 6% |
| Ålvik | 100% | |
| **TOTALT** | **85%** | **15%** |

Parkeringstilhøva vert opplevd som mest problematisk i Norheimsund.

**Nokre kommentarar frå verksemdene:**

**Strandebarm:** Skulle hatt elbil-ladestasjon. Potensielle kundar drar til Norheimsund for å lade = å vente = handle.

**Tørvikbygd:** Skulle hatt betre merking av P plassar og elbil-ladestasjon

**Norheimsund:** Ein kommentar som går att er at parkeringsplassar foran butikkar vert nytta av folk som har arbeidsplassen sin i Grove, og at pendlarar med buss til Bergen nytter P-plassar i sentrum. Denne parkeringa må ut av dei mest sentrale P-plassane. Etablere pendlarparkering.
Kundar køyrer vidare når dei ikkje finn parkeringsplass. Fleire ynskjer meir sentrumsnære parkeringsplasser, i parkeringshus under Straumhaugen eller andre plasser.
Mangelen på parkeringsplassar for kundar vert større når koronatida er over – og i tillegg kjem ny vidaregåande skule i sentrum av Norheimsund.
Betre tilhøve for sykkelparkering, gjerne under tak.
«Om dei kunne, ville kundane parkert inne i butikken. Bilen behøver ikkje vere som handveska, men…»

Mange næringsdrivande i Norheimsund opplever at dei som jobbar i sentrum nytter P-plasser som kundane treng. I dag er det skilta maks 2-timar parkering på kaien. Dette vert ikkje handheva. Dersom ein hadde handheva reglar som er innførte, ville tal tilgjengelege parkeringsplassar for kundar auke monaleg.

**Øystese**: Parkeringsplassar vert nytta til langtidsparkering. Kan verte trongt seinare (når korona er over, og turisttilstrøyminga aukar) Trengs ein plan på kommunale P-plassar.

**Ålvik**: Skulle hatt elbil-ladestasjon.

***Er det motsetnad mellom tilgang til parkering og trivnad i sentrum?***

| **Tettstad** | **Ja** | **Nei** |
|---|---|---|
| Strandebarm | | 100% |
| Tørvikbygd | | 100% |
| Norheimsund | 21% | 79% |
| Øystese | 24% | 76% |
| Ålvik | | 100% |
| **TOTALT** | **19%** | **81%** |

**Nokre kommentarar frå verksemdene:**

**Øystese**: veldig mange P-plassar – meir treplanting kunne hjelpt. Mykje asfalt.

***Distriktsnæringsutvalget NOU 2020:12***
*I mindre byer er bil et viktigere transportmiddel enn i større byer (Tennøy, Tønnesen & Øksenholt, 2015). Samtidig benyttes store arealer til parkering som kunne blitt brukt til andre formål (Christiansen, Hanssen, Skartland & Fearnley, 2016). Parkeringsplasser kan føre til lav tomteutnyttelse, byspredning, reduserte muligheter for å tilrettelegge for sykkelveier og møteplasser. Prosjektet «Bygdepakke Bø» viste at god oversikt over antall og dekningsgrad for parkeringsplasser på ulike tidspunkter av dagen, og i løpet av året, kan ha stor betydning for produktive diskusjoner om arealbruk mellom kommunen og næringslivet (A. Tønnesen & Knapskog, 2017). Dette er ofte et område som skaper konflikter mellom kommunen og næringslivet, og god dialog mellom berørte aktører og åpne planprosesser kan bidra til en avveining av interesser tidlig i prosessen og dermed forebygge konflikter (NOU 2020:12, s.81)*

**Korleis ville parkeringsavgift med 2-timars gratis parkering påverke di verksemd?**

| | Ikkje relevant | Særs negativt | Negativt | Inga endring | Positivt | Særs positivt |
|---|---|---|---|---|---|---|
| %svar | 21% | 17% | 17% | 38% | 6% | 2% |

Det er lite stemning for å innføre parkeringsavgift i Norheimsund og Øystese, noko som til dømes Voss har.

**Nokre kommentarar frå respondentane:**

**Norheimsund:** Om det vert parkeringsavgift tek ein vekk ein fordel me har. Folk som jobbar heile dagen og nytter parkering på kaien må flytte seg – handhev 2-timarsregelen (nemnt fleire gonger). Tilsvarande med busspendlarar til Bergen som parkerer sentralt.

**Øystese:** Ingen god ide. Ynskjer ikkje parkeringsavgift. Ingen problem i dag. Vil ikkje ha det.

## KOLLEKTIVTRAFIKK

***Betyr kollektivtrafikktilbodet noko for di verksemd?***

| **Tettstad** | **Ja** | **Nei** |
|---|---|---|
| Strandebarm | 75% | 25% |
| Tørvikbygd | 100% | |
| Norheimsund | 50% | 50% |
| Øystese | 41% | 59% |
| Ålvik | 100% | |
| **TOTALT** | **52%** | **48%** |

***Betyr kollektivtrafikktilbodet noko for tettstaden vår generelt – for busetting, kundar, hyttefolk, andre?***
Ja 96%, nei 4%

**Nokre kommentarar frå verksemdene til dei to siste spørsmåla:**
Busstilbodet er viktig for tilgjenge frå Bergen. Generelt for dårleg. Skulle hatt buss til/frå Bergen ein gong i timen. Generelt for få avgangar, vanskeleg å basere seg på. Treng eit godt tilbod til pendlarar, for møter i Bergen osv. Skulle hatt lokalbusstilbod Kvamskogen/Norheimsund/Øystese. Mykje trafikk mellom Norheimsund – Øystese, skulle ha vore fleire bussavgangar.

**Kommentarar:**
For om lag halvparten av verksemdene betyr kollektivtrafikken noko direkte for den einskilde verksemd. For lokalsamfunnet generelt er det ei klår oppfatning at kollektivtrafikken er viktig for den einskilde tettstaden

## VIRKEMIDDELAPPARATET

Oragnisasjonar og strukturer som til dømes Innovasjon Norge, GIEK, Eksportkreditt Norge, Investinor, Siva-selskapet for industrivekst, Norges forskningsråd, Enova, næringshagar, Norsk katapult, og RFF.

***Nytter di verksemd seg av virkemiddelapparatet?***
Ja 24%, nei 76%

Kring 9% av verksemdene i Hordaland nytta seg av virkemiddelapparatet i 2016, så andelen i undersøkinga som nytter seg av virkemiddelapparatet er høg samanlikna med det.

| |
|---|
| ***Distriktsnæringsutvalget NOU 2020:12***<br>*Det regionale nettverket av klynger, næringshager, Norsk Katapult, regionale forskningsfond (RFF) og generell rådgivningsvirksomhet bidrar til at virkemiddelapparatet når ut til hele landet. (NOU 2020:12, s.126)* |

## VESTLAND FYLKESKOMMUNE

***Har di verksemd direkte kontakt med Vestland fylkeskommune?***
Ja 25% , nei 75%

***Har tiltak i Vestland fylkeskommune betydning direkte eller indirekte for di verksemd?***
Ja 67% , nei 33%

Døme: Vestland fylkeskommune er premissgjevar kring tunnel under Kvamskogen og samferdsel generelt/fylkesvegane, er eigar av dei offentlege vidaregåande skulene, har ansvar for kollektivtrafikk i fylket og er ein samfunnsutviklar som arbeider med innovasjon og næringsutvikling med meir.

Det er ei generell oppfatning blant respondentane om at yrkesfag er lågt prioritert hjå lokal administrasjon på fylkeskommunal vidaregåande skule og politisk på fylkesnivå. Dette vert oppfatta som ein fare for heradet sin attraktivitet som bustadkommune, og ei kjelde til rekrutteringsproblem for næringslivet og redusert tal arbeidsplassar i Kvam. For lokalsamfunnet vårt vert dette feil på fleire vis.

| |
|---|
| ***Distriktsnæringsutvalget NOU 2020:12***<br>*Fylkeskommunenes ansvar for nærings- og samfunnsutvikling i eget fylke ivaretas først og fremst gjennom tjenesteproduksjon, utviklingsinitiativer og virkemidler og samordning av ulike aktørers innsats i fylket. (NOU 2020:12, s.139)* |

***Burde Kvam/Hardanger/Voss vore sterkare representert på fylkestinget?***

Ja 69%, nei 2% og inga formeining 29%

**Nokre kommentarar frå verksemdene:**
Ei verksemd seier «mykje fellesinteresser, jobbar i liten grad samen»
Fleire av dei intervjua meiner samarbeidet mellom Kvam og resten av Hardanger må styrkast- Voss er meir som ein konkurrent enn samarbeidspartnar å rekne. «Kvam og Voss er ikkje bestekameratar»
Ein svarar og at Hardanger/Kvam treng folk på Stortinget.

Av dei verksemdene der tiltak i Vestland fylkeskommune har betydning direkte eller indirekte for verksemda, svarar alle ja på spørsmålet om Kvam/Hardanger/Voss burde vore sterkare representert på fylkestinget.

**Kommentarar dei dei tre siste spørsmåla:**
Eit mindretal (25%) av verksemdene i undersøkinga har direkte kontakt med Vestland fylkeskommune, men for eit fleirtal (67%) har tiltak i Vestland fylkeskommune direkte eller indirekte innverknad på verksemda. Nær alle av dei verksemdene som har ein formeining om Kvam/Hardanger/Voss burde vore sterkare representert på fylkestinget meiner at ein burde vore sterkare representert. Det er tydeleg at mange ser at Vestland fylkeskommune er ein premissgjevar for kva retning lokalsamfunna skal utvikla seg, og ein treng attraktive lokalsamfunn for å kunne utvikla eit godt næringsliv.

## KVAM HERAD (sjølve heradet – som politisk/administrativ eining)

***Opplever du Kvam herad som proaktiv/reaktiv i samband med utviklinga av tettstaden?***

| **Tettstad** | **proaktiv** | **reaktiv** |
|---|---|---|
| Strandebarm | 33% | 67% |
| Tørvikbygd | | 100% |
| Norheimsund | 50% | 50% |
| Øystese | 67% | 33% |
| Ålvik | | 100% |
| **TOTALT** | **52%** | **48%** |

**Nokre kommentarar frå verksemdene:**

**Strandebarm:** Heradet er altfor bakpå. Men det viktigaste er at innbyggjarane er aktive.

**Tørvikbygd:** Heradet gjer jobben sin..

**Norheimsund:** Reaktiv, men det er ei forbetring. Heradet er likegyldige. Av og på. Midt i laget. Har vore flinke.

**Øystese:** Blanding bustader/industri i sentrum – har ikkje gjort jobben sin. Arbeid med moglegheitsstudie/sentrumsplan er positivt. Proaktivt, men seint. Veit ikkje, ja og nei.

***Distriktsnæringsutvalget NOU 2020:12***
*Begrepet lokal samfunnsutvikling brukes gjerne som en samlebetegnelse for et bredt og langsiktig lokalt arbeid med å skape gode steder å bo, besøke og drive næring. Kommunenes rolle som samfunnsutvikler handler om langsiktig arealbruk og utbyggingsmønster, utbygging av infrastruktur, steds- og sentrumsutvikling, næringsutvikling, miljø og folkehelse. (NOU 2020:12, s.81)*

***Er Kvam herad aktiv i næringsutviklinga i tettstaden?***

| **Tettstad** | **Ja** | **Nei** | **Veit ikkje** |
|---|---|---|---|
| Strandebarm | | 75% | 25% |
| Tørvikbygd | | 100% | |
| Norheimsund | 30% | 70% | |
| Øystese | 33% | 56% | 11% |
| Ålvik | 100% | | |
| **TOTALT** | **29%** | **65%** | **6%** |

**Nokre kommentarar frå verksemdene:**

**Strandebarm:** Heradet er aktive motstandarar, vanskelegare her enn i Norheimsund.

**Norheimsund:** Burde sette alle klutar til i vidaregåande skule-saken.

**Øystese:** Flytting av industri ut av sentrum tek for lang tid, skrivefristen for saker til heradsstyret kjem for tidleg. Stort behov for revisjon av næringsplan. Skulle i større grad vore gitt løyve til å drive næring med base i heimen (unngå krav om å drive frå anna lokalitet) – potensial for å hjelpe desse.

**Ålvik:** kunne vore meir aktiv

***Distriktsnæringsutvalget NOU 2020:12***
*Kommunene er en viktig bidragsyter til næringsutvikling og verdiskaping i hele landet. Det er store forskjeller mellom kommuner når det gjelder næringsutviklingsarbeid, men overordnet kan man si at det fortrinnsvis gjøres gjennom kommunenes roller som forvalter, tjenesteprodusent og entreprenør (NOU 2020:12, s.145)*
*Tilrettelegging for nyetablering av bedrifter og arbeid for å tiltrekke seg eksterne investeringer, såkalt akkvisisjonsstrategi, trekkes ofte fram i det politiske ordskiftet som viktig for vekst i lokalsamfunn.*
*Vareide, Nyborg Storm, Svardal og Groven (2018) finner imidlertid at tilfeldigheter, flaks og strukturelle faktorer ofte er avgjørende for hvor nye bedrifter blir etablert, særlig når det gjelder å tiltrekke seg store, eksterne investeringer. Det er derfor viktig at kommuner også konsentrerer seg om allerede eksisterende bedrifter. Det er som regel disse bedriftene som betyr mest for endringer i utviklingen av arbeidsplasser (Vareide et al., 2018).*

*Flere kommuner reddes av nærhet til sentrale strøk, og kan dermed tilrettelegge for tomteareal og bygge boliger for å skape økt bostedsattraktivitet og pendlingsbasert innflytting. Distriktskommuner i lite sentrale strøk er i større grad avhengige av arbeidsplassutvikling. Kommunenes tilrettelegging for vekst i antall arbeidsplasser spiller derfor en rolle for å sikre levende og bærekraftige lokalsamfunn i distriktene. (NOU 2020:12, s.147)*

*Kommunens rolle i utviklingsarbeidet synes generelt å være viktigere i små kommuner enn i store kommuner. Cruickshank, Vasstrøm, Sand, Sivertsen og Haugum (2014) observerer dette i en studie av kommunene som deltok i det daværende Kommunal- og Regionaldepartementets Småkommuneprogram. Forfatterne forklarer viktigheten av kommunenes rolle i små kommuner med fravær av andre større aktører. (NOU 2020:12, s.149)*

Om kommunane og næringsdrivande si oppfatning av kommunen si rolle som næringsutviklar generelt finn vi i NOU 2020:12:

***Distriktsnæringsutvalget NOU 2020:12***
*Moen vurderer funnene fra bedriftslederundersøkelsen slik at det er grunn til å stille spørsmål ved om kommunene faktisk ivaretar rollen som næringsutvikler, i den betydning at de tilrettelegger for det lokale næringslivet eller bidrar til å tiltrekke seg nytt næringsliv. Moen mener det er grunn til å beskrive kommunene som reaktive. En forklaring kan være ulik virkelighetsoppfatning hos næringslivet og kommuneadministrasjonen, eller at næringslivet faktisk har urealistiske forventninger til kommunene. (NOU 2020:12, s.149)*

***Er det viktig at heradet speler ei aktiv rolle i utviklinga av det lokale næringslivet?***

| Tettstad | Ikkje viktig | Litt viktig | Ganske viktig | Særs viktig |
|---|---|---|---|---|
| Strandebarm | | | | 100% |
| Tørvikbygd | | | 100% | |
| Norheimsund | | 13% | 25% | 63% |
| Øystese | | | 35% | 65% |
| Ålvik | | | | 100% |
| **TOTALT** | **0%** | **6%** | **29%** | **65%** |

**Nokre kommentarar frå verksemdene:**

**Tørvikbygd:** Heradet kan samle trådar

**Norheimsund:** Heradet har ei rolle i rett samansetting av verksemder. Heradet skaper rammevilkår gjennom planarbeid. Heradet har større nedslagsfelt/oversikt enn kvar bedrift. Heradet er ein tilretteleggjar.

**Kommentarar:**
94% av verksemdene meiner det er ganske viktig eller særs viktig at heradet speler ai aktiv rolle i utviklinga i det lokale næringslivet. Dette er svært likt tala som kjem fram i undersøkinga det er referert til i NOU 2020:12, sjå under.

***Distriktsnæringsutvalget NOU 2020:12***
*Også bedriftsledere i Norge mener kommunene bør være en viktig næringsutvikler. I utvalget i Moens studie mente nesten 70 prosent av de spurte bedriftene at det er svært viktig at kommunene spiller en aktiv rolle i utviklingen av det lokale næringslivet. 23 prosent mente det var ganske viktig. Resultatene viser videre at den kommunale næringspolitikken er viktigere for bedriftsledere i kommuner med lav sentralitet, enn for bedriftsledere i kommuner med høy sentralitet (NOU 2020:12, s.148)*

***Legg heradet godt til rette for verksemdene i form av infrastruktur? (veg/vatn/el)***

| Tettstad | Ja | Nei |
|---|---|---|
| Strandebarm | 100% | |
| Tørvikbygd | 100% | |
| Norheimsund | 83% | 17% |
| Øystese | 88% | 13% |
| Ålvik | 100% | |
| **TOTALT** | **87%** | **13%** |

**Nokre kommentarar frå verksemdene:**

**Norheimsund:** Bompengar i Dalen er negativt. Realisering av Kvamskogentunell vil gje fleire innflyttarar. Vegnettet/tilgang til Kvam er for dårleg – krev politisk arbeid. Uløyst kloakkproblem i den lågaste etasjan langs kaien – tilbakeslag, skulle vore løyst for mange år sida.

**Øystese**: Vegar er for dårleg for næringsdrivande (fylkesvegar, men Kvam må følgje opp). Nye industriområde må på plass.

**Kommentarar:**
Ein mykje høgare andel svarer ja i Kvam enn i undersøkinga det er referert til i NOU 2020:12, sjå under.

***Distriktsnæringsutvalget NOU 2020:12***
*I tre ulike Fafo-rapporter, Hødnebø og Lund (1994), Nergaard (1996) og Moen (2011), poengteres det at de viktigste oppgavene kommunen har for næringslivet i de største kommunene, er plan og utvikling, kapasitet på infrastruktur og næringsarealer, det vil si forvaltningsrollen. I de mindre distriktskommunene vektlegges derimot kommunens rolle som tjenesteprodusent og entreprenør i større grad. (NOU 2020:12, s.146)*

*Nesten halvparten av bedriftslederne sa seg uenig i at kommunen legger godt til rette for bedriftene i form av infrastruktur. Moen (2011). (NOU 2020:12, s.148)*

***Har heradet god forståing for di verksemd sine behov?***

| Tettstad | Ja | Nei | Ikkje relevant |
|---|---|---|---|
| Strandebarm | 25% | 25% | 50% |
| Tørvikbygd | | 50% | 50% |
| Norheimsund | 29% | 21% | 50% |
| Øystese | 42% | 29% | 29% |
| Ålvik | 100% | | |
| **TOTALT** | **33%** | **25%** | **42%** |

**Kommentarar:**
Det ser ut til at oppfatninga kring dette er betre i Kvam i undersøkinga det er referert til i NOU 2020:12, sjå under.

***Distriktsnæringsutvalget NOU 2020:12***
*55 prosent mente at kommunen ikke har god forståelse for deres bedrifts behov. Moen (2011). (NOU 2020:12, s.149)*

***Har heradet rask sakshandsaming for saker som angår di verksemd?***
Ja 31%, nei 10% og ikkje relevant 58%

**Kommentarar:**
Mange verksemder av avhengig av sakshandsaming av forskjellig slag i heradet. Det kan vere i planarbeid, byggjesaker, handsaming av søknader om forskjellige slags løyve med meir. På den andre sida er det og verksemder som i liten grad er avhengig av kommunal sakshandsaming.
Kommunal sakshandsaming er relevant for 41% av verksemdene i undersøkinga. Blant desse meiner ca ¾ at sakshandsaminga i heradet er rask, medan ca. ¼ meiner at sakshandsaminga ikkje er rask.

Det ut til at oppfatninga kring dette er betre i Kvam enn i undersøkinga det referert til i NOU 2020:12, sjå under.

***Distriktsnæringsutvalget NOU 2020:12***
*Videre kommer det fram av undersøkelsen at 35 prosent er uenig i at kommunen har rask saksbehandling for saker som angår deres bedrift. Moen (2011). (NOU 2020:12, s.149)*

***Er Kvam herad oppteken av å styre innkjøp til lokale leverandørar?***

| **Tettstad** | **Ja** | **Nei** | **Veit ikkje** | **Ikkje relevant** |
|---|---|---|---|---|
| Strandebarm | | 50% | 25% | 25% |
| Tørvikbygd | | 100% | | |
| Norheimsund | 25% | 46% | 25% | 4% |
| Øystese | 33% | 45% | 22% | |
| Ålvik | | 100% | | |
| **TOTALT** | **24%** | **49%** | **22%** | **4%** |

**Nokre kommentarar frå verksemdene:**

**Norheimsund:** Burde i større grad vore oppteken av dette.

**Øystese:** I synkende grad oppteken av dette. Både og.

**Kommentarar:**
Av dei som har ei meining om dette, er det eit fleirtal som meiner at Kvam herad ikkje er oppteken av å styre innkjøp til lokale leverandørar.

***Distriktsnæringsutvalget NOU 2020:12***
*Distriktskommuner som gjennomfører offentlige innkjøp i egen regi, har innenfor lovverket anledning til å bestemme hvilke kriterier som skal brukes i anbudssammenheng. Dette handler også fra kommunens side om å ta initiativ, utnytte det lokale handlingsrommet kommunene har og fylle entreprenørrollen med innhold som fremmer det lokale næringslivet. Suldal kommune i Rogaland la opp en anbudskonkurranse der kommunen ble delt inn i fem konkurranseområder, tilpasset skolekretsene. Dermed kunne lokalbutikkene gi anbud på leveranser til nærmeste skole og barnehage. Kommunen utformet konkurransekriterier som la vekt på nærhet og service, i tillegg til pris og miljø. Fem nærbutikker, alle deltakere i det statlige Merkurprogrammet, fikk på denne måten avtaler om offentlige innkjøp. (NOU 2020:12, s.151)*

***Bør ein arbeide for å få statlege arbeidsplassar til Kvam?***
Ja 98%, nei 2%.

**Nokre kommentarar frå verksemdene:**

**Tørvikbygd:** Alle arbeidsplassar er velkomne.

**Norheimsund:** Må og arbeide for å halde på dei vi har

**Øystese:** Alle arbeidsplassar er gull verde.

**Kommentarar:**
Det største kundesegmentet for verksemdene i denne undersøkinga er dei fastbuande. Auka tal arbeidsplassar vil gje auka tal innbyggjarar, og skape betre grunnlag for anna lokal næringsverksemd. Andre ringverknader er og «gull verde» for heile lokalsamfunnet. Mellom desse: nye inntekter til heradet (innbyggjartilskot), tilflytting av ressurspersonar, meir variert arbeidsmarknad, arbeidsplassar for høgt utdanna – lettare for tilflyttarar å finne arbeid for to partar.

Om arbeid for å få statlege arbeidsplassar til Kvam skal prioriterast er det naturleg at ansvaret ligg hos Kvam herad – politisk og administrativt. Det er krevjande arbeid, som krev langsiktig tenking og planmessig oppfølging.

***Distriktsnæringsutvalget NOU 2020:12***
*Ved oppretting av nye statlige virksomheter, strukturendringer eller omlokaliseringer av eksisterende virksomheter må vurderinger av lokaliseringspolitiske hensyn tillegges langt større vekt enn det som har vært tilfellet fram til i dag. Det må legges betydelig vekt på lokalisering i regionale sentra, der virksomhetene har størst potensial til å bidra til det lokale tilbudet av arbeidsplasser, både med hensyn til omfang og bredde. (NOU 2020:12, s.170)*

## LOKALPRESSE

***Er lokalpressa ein viktig marknadsføringskanal?***
Ja 73%, nei 27%

***Bidreg lokalpressa til eit attraktivt lokalsamfunn?***
Ja 85%, nei 15%

**Nokre kommentarar frå verksemdene:**
Kunne vore betre. Øydelegg oppfatninga om fellesskap, negative ting vert blest opp. Negative, prøver å spisse lokale konfliktar. Dette kan diskuterast. Bidreg ikkje til å byggje opp eit lokalt næringsliv, prega av manglande innovasjonskultur. Skal vere kritisk, men for mykje på person.

## KULTUR FOR SAMARBEID

***Er det ein god kultur for samarbeid om å utvikla næringslivet i tettstaden?***

| Tettstad | ja | nei | usikker |
|---|---|---|---|
| Strandebarm | 75% | 25% | |
| Tørvikbygd | 100% | | |
| Norheimsund | 56% | 16% | 28% |
| Øystese | 94% | 6% | |
| Ålvik | 100% | | |
| **TOTALT** | **73%** | **12%** | **14%** |

**Nokre kommentarar frå verksemdene:**

**Strandebarm:** Kunne hatt eit forum for det, mogleg å gjere noko med.

**Norheimsund:** Næringslaget er bra. Både og, kunne vore betre. Forholdet mellom Norheimsund og Øystese kan bli betre.

**Øystese:** Næringshagen fungerer bra. Har blitt betre. Hotellet er eit godt døme, samarbeid krev ressursar, nokon må ta seg av det, går ikkje av seg sjølv. Fasilitator: næringslaget. Fuglafjell og Bratt er gode døme.

**Kommentarar:**
Norheimsund skil seg ut med lågare andel ja-svar, og høgare andel nei/usikker.

Vi har tidlegare i undersøkinga spurt om «Har du fysiske møteplassar der du treffer kollegaer i same næring/andre bransjar?» 81% svara ja, 19 % svara nei. Verkar dette inn på oppfatninga om det er ein god kultur for samarbeid om å utvikla næringslivet i tettstaden?

| | Er det ein god kultur for samarbeid om å utvikla næringslivet i tettstaden? | | |
|---|---|---|---|
| | **Ja** | **Nei** | **usikker** |
| Har fysiske møteplassar | 75% | 13% | 13% |
| Har ikkje fysiske møteplassar | 67% | 11% | 22% |
| **TOTALT** | **73%** | **12%** | **14%** |

Dei som ikkje har fysiske møteplassar har i mindre grad ei oppfatning av at det er ein god kultur for samarbeid om å utvikla næringslivet i tettstaden, eller er usikre på dette, enn dei som har fysiske møteplassar.

***Distriktsnæringsutvalget NOU 2020:12***
*Selv i de kommunene som framstår som mest attraktive, er det vanskelig å peke på fellestrekk som bidrar til vekst i næringslivet. Likevel er det enkelte generelle forhold i de mest attraktive kommunene som tilsynelatende bidrar til vekst. Vareide et al. (2018) trekker for eksempel fram* ***den stedlige kulturen som det viktigste fellestrekket for attraktive kommuner****. Nedenfor gjennomgås noen av disse fellestrekkene, herunder* ***samspill mellom kommune, næringsliv og frivillig sektor, innsats over tid, høy grad av tillit mellom kommunen og øvrige samfunnsaktører, satsing på de sterkeste næringene i kommunen og effektiv saksbehandling,*** *særlig innenfor arealplanlegging og byggesak. (NOU 2020:12, s.147)*

***Er det ein høg grad av tillit mellom aktørane – heradet, næringsliv og frivillig sektor?***

| **Tettstad** | **Ja** | **Nei** | **usikker** |
|---|---|---|---|
| Strandebarm | 60% | 20% | 20% |
| Tørvikbygd | 67% | 33% | |
| Norheimsund | 75% | 4% | 21% |
| Øystese | 88% | 6% | 6% |
| Ålvik | 100% | | |
| **TOTALT** | **78%** | **8%** | **14%** |

**Nokre kommentarar frå verksemdene:**

**Strandebarm:** Tillit mellom frivillig sektor og næringsliv, ikkje til heradet.

**Tørvikbygd:** Tillit mellom frivillig sektor og næringsliv, ikkje til heradet.

**Norheimsund:** Har ikkje høge stjerner hos kvarandre. Høgare tillit til kvarandre her enn i byen (Bergen).

Vi har tidlegare i undersøkinga spurt om «Har du fysiske møteplassar der du treffer kollegaer i same næring/andre bransjar?» 81% svara ja, 19 % svara nei. Verkar dette inn på oppfatninga om det er ein høg grad av tillit mellom aktørane?

| | Er det ein høg grad av tillit mellom aktørane? | | |
|---|---|---|---|
| | **Ja** | **Nei** | **usikker** |
| Har fysiske møteplassar | 78% | 10% | 12% |
| Har ikkje fysiske møteplassar | 78% | | 22% |
| **TOTALT** | **78%** | **8%** | **14%** |

Det ser ikkje ut til at grad av tillit vert påverka av om respondenten har fysiske møteplassar der ein treffer kollegaer i same næring/andre bransjar eller om ein ikkje har slike møteplassar.

***Distriktsnæringsutvalget NOU 2020:12***
*Norge består av 356 kommuner. Når alle forsøker å bli mer attraktive enn de andre kommunene, kan ikke alle lykkes i like stor grad. Attraktivitet er imidlertid ikke nødvendigvis et nullsum-spill, og det viser seg at høy næringsattraktivitet i en kommune kan føre til økt innflytting i en nabo-kommune (Vareide et al., 2018). All vekst i næringslivet i distriktskommuner fører til økt samlet verdiskaping. Gjennom samarbeid mellom alle aktører i lokalsamfunnene, også på tvers av kommunegrensene, kan flere kommuner oppnå vekst. For å lykkes er det ifølge ovennevnte studie viktig at politikere, kommuneansatte og næringsliv har tillit til hverandre innenfor hver enkelt kommune, men også at kommunene har tillit til hverandre. (NOU 2020:12, s.147)*

***Opplever du at anna næringsliv nytter dine tenester når det er mogleg?***
Ja 92%, nei 8 %

**Ein kommentar frå verksemdene:**
«Når du veit om dei – ja! Alle trur at andre veit kva ein driv på med..»

# SWOT–ANALYSAR

SWOT - står for strengths, weaknesses, opportunities og threats - styrkar, veikskap, moglegheiter og trugslar. Ein SWOT-analyse er eit pratisk verktøy for å skaffe seg ein oversikt over ein no-situasjon. Vanlegvis vert metoden nytta for å sjå på ei verksemd sine sterke ov svake sider, og kva moglegheiter og trugslar som er rundt verksemda. Vi har nytta metoden for å sjå på tettstadnivå, både som stad å drive næring, stad å bu og stad å arbeide.

I intervjua som vart gjennomførde i mars - juni vart kvar verskemd oppmoda til å seie kva dei opplever som sin tettstad sine styrkar og veikskapar, og kva som ligg rundt tettstaden i form av moglegheiter og trugslar. Moglegheiter og trugslar kan både vere knytta til geografi , men og til utviklingstrekk og trendar i samfunnet generelt.

Resultata frå intervju vart samanstilte i SWOT-skjema, og gjennomgått på samlingane for kvar tettstad i august. Innpel og kommentarar her vart innarbeida i skjemaa, og vert presentert på dei neste sidene. I sjøve SWOT-skjemaet er det mest overskrifter på temanivå, og oppsetta bak kvart SWOT skjema finn vi forklaringar på kva som ligg bak kvar tekst.

Vi har dessverre for lite materiale til å sette opp ei SWOT-analyse for Ålvik. Dette er noko ein kan gjere i samarbeid med Ålvik Næringslag om det er ynkskje om det seinare.

| | |
|---|---|
| ***Styrkar*** *(trekk ved tettstaden)*<br><br>**KOMPAKT**<br>**ATTRAKTIV STAD Å BU**<br>**ATTRAKTIV STAD Å HA FRITIDSBUSTAD**<br>**ATTRAKTIV STAD FOR TURISTAR** | ***Veikskap*** *(trekk ved tettstaden)*<br><br>**BUSTAD-/TOMTEMARKNADEN ER BEGRENSA**<br>**INFRASTRUKTUR KAN BLI BETRE**<br>**«NETT LITT FOR LITEN ..»**<br>**IKKJE UTPREGA INNOVASJONSKULTUR**<br>**BYRÅKRATI LEGG BEGRENSNINGAR** |
| ***Moglegheiter*** *(trendar og utvikling generelt og utanfor tettstaden)*<br><br>**OMFATTANDE TURISME I HEILE HARDANGER**<br>**NÆRINGSLIV I ENDRING**<br>**FOLK YNSKJER Å KJØPE HUS, SMÅBRUK OG LEILEGHEITER**<br>**FOLK ER ISTAND TIL Å TA MED SEG JOBBANE SINE**<br>**UNGE VAKSNE SOM VIL FLYTTE HEIM**<br>**INFRASTRUKTUR I ENDRING**<br>**BETRE SAMARBEID** | ***Trugslar*** *(trendar og utvikling generelt og utanfor tettstaden)*<br><br>**NETTHANDEL**<br>**HARDANGER FISKEFOREDLING LEGG NED** |

**SWOT Etter intervjurunden våren 2021 og samling 23. august, Strandebarm/Tangerås.**

## Styrkar (trekk ved tettstaden)

**KOMPAKT**

Kompakt sentrum - skule/butikk/kafe/idrettsanlegg/marina/sjøsportanlegg

Såpass langt vekk frå Norheimsund og andre konkurrentar at folk nytter tilboda, ganske godt utval varer.

Legetilod = pasientar = kundar.

**ATTRAKTIV STAD Å BU**

Sjøsportsenter og idrettspark

Strandebarm Bistro etablert, spiseplass og arrangement.

Møteplassar for ungdom, variert og omfattande tilbod - spesielt idrett.

God plass å vakse opp. God plass for vaksne. Folk som bur her trivst. Folk kjem tilbake. God plass å bu.

Attraktivt for barnefamiliar - familiar som busett seg her.

Bra spekter av fritidstilbod.

Fantastisk dugnadsånd, mange som saman jobber for bygda.

Folk er lojale, oppteken av å halde på tilboda som finnst, sjølv om det kan vere dyrare.

Folk er aktive, ting skjer, tek initiativ. t.d. marknader, løpskarusell og idrettsstemne.

Rotfesta samfunn - ikkje suburbia/sovebytendensar.

**ATTRAKTIV STAD Å HA FRITIDSBUSTAD**

Mykje hytte- og campingfolk. Fritidsbustader - reiseliv - campingplass - bubilplass - båthamn.

**ATTRAKTIV STAD FOR TURISTAR**

Vakkert - er ein del av Hardanger.

Båthamna er full om sommaren (skal utvidast).

## Veikskap (trekk ved tettstaden)

**BUSTAD-/TOMTEMARKNADEN ER BEGRENSA**

Mangler gode bustadtomter sentralt.

Manglar tilgjengelege hus for nye innbyggjarar.

Perler av bukvalitet (småbruk m.m.) vert nytta som fritidsbustader - av folk som er her 5% av året.

Bukvalitet fastbuande/ferierande er skeiv.

**INFRASTRUKTUR KAN BLI BETRE**

Manglar el-bil ladestasjon. Folk reiser til Norheimsund for å lade.

Mangler sykkelveg til Rise og Bakka.

Mangler offentleg toalett.

Svakt kollektivtilbod - burde hatt oftare avganger.

Infrastruktur - mangeler skikkeleg veg i alle retningar.

**NETT LITT FOR LITEN ..**

Nett litt for liten - bibliotek kutta i budsjett, tannlege forsvann til Norheimsund.

Begrensa størrelse = begrensa kundegrunnlag. Føles litt knapt/utval er litt lite.

Kundegrunnlaget for handel/tenesteyting er litt tynt.

Mange som reiser til Norheimsund/Øystese for handel/har jobb/andre ærend.

Ikkje så mange arbeidsplassar.

**IKKJE UTPREGA INNOVASJONSKULTUR**

ikkje utprega innovasjonskultur. AK/Bygdalarm m.m. har endra ein ny generasjon . Kult å få til noe nytt.

**BYRÅKRATI LEGG BEGRENSNINGAR**

Manglande fleksibilitet i byråkrati - snu til servicevilje.

Byråkratisering (gjeld heile Noreg) - terskel som vanlege folk slit med å komme over.

## Moglegheiter  (trendar og utvikling generelt og utanfor tettstaden)

**OMFATTANDE TURISME I HEILE HARDANGER**

Turismen - korleis få fleire til å stoppe. Potensialet vert ikkje utnytta. Meir hytter til utleige er mogleg.

Lag fin rasteplass ved Skjering.

**NÆRINGSLIV I ENDRING**

Førebyggande helsearbeid som næring.

Aktivt arbeid med å få ny aktivitet i lokala til fiskeslakteriet når det vert  nedlagt i løpet av eit par år.

Etablere næring, t.d. folkehøgskule.

Ta heile kommunen i bruk - forskjelllige kvalitetar.

**FOLK YNSKJER Å KJØPE HUS, SMÅBRUK OG LEILEGHEITER**

Fritidsbustader vert nytta som fast bustad - burde vore vore registrert som bustad.

Mange hus vert selde som fritidsbustader - kunne vore bustad for fastbuande.

Eigedomsskatt - og meir på fritidsbustader.

Buplikt for bustadhus (0 konsesjon). Buplikt på småbruk.

Pr i dag ingen/få einebustadtomter for sal.

Småbruk som kunne vore selde finnst, men dei vert ikkje lagt ut for sal.

Vanskeleg å få kommunal godkjenning på å skilje ut tomter. Meir kommunal fleksibilitet.

Korleis få ein betre og meir dynamisk bustadmarknad?

**UNGE VAKSNE SOM VIL FLYTTE HEIM**

**FOLK ER I STAND TIL Å TA MED SEG JOBBANE SINE**

Vi treng folk som kan ta med seg arbeidsplassar - heng og saman med tilgjengelege bustader.

Meir tilflytting. Tiltrekkje seg nye innbyggjarar.

Klargjere kontorfellesskap og marknadsføre dette som base/supplement til heimekontor.

Tilgjengeleg lokal for kontor m/netttilkopling til arbeidsgjevar og resten av verda.

**INFRASTRUKTUR I ENDRING**

Hordalandsdiagonalen - via Strandebarm - nærmare Bergen - meir busetting som resultat.

**BETRE  SAMARBEID FOR UTVIKLING**

Lage eit forum for utveksling, samarbeid og utvikling i Strandebarm

Definere heradet som ein serviceorganisasjon - vri haldningar i Kvam herad som system mot service.

Tørre å nytte fleksibiliteten i regelverket.

Revitaliser Strandebarm Utviklingsfellesskap, lagt ned tidleg 2000-tal.

Den gongen: arbeidsgrupper for næringsliv, arealplan, kommunikasjon og skule/kultur

## Trugslar (trendar og utvikling generelt og utanfor tettstaden)

**NETTHANDEL**

Netthandel - men folk er lojale

**HARANGER FISKEFOREDLING LEGG NED**

Hardanger Fiskeforedling legg ned, mister arbeidsplassar og skatteinntekter

| ***STYRKAR*** *(trekk ved tettstaden)* | ***VEIKSKAP*** *(trekk ved tettstaden)* |
|---|---|
| GLAD I BYGDA<br>LOJALITET - Forhold til butikk, skue, barnehage<br>VILJESTYRKE - Få ting til. Være med på ting<br>LIVSGLEDE - Positiv mentalitet<br>FRIVILLIGHEIT - Godt at vi har kvarandre<br>INNSATSVILJE - Me må gje for å få noko tilbake.<br>DUGNADSÅND - Ref. skytebanen i Vangdalsåsen, ungdomslaget<br>UTVIDINGA AV HARDINGSMOLT - investert 300+300 mill., rundt 30 arbeidsplassar når ferdig utbygd<br>BYGGJEFELT UNDER UTVIKLING<br>NY BÅTHAMN<br>FLOTT NATUR - FINE MERKA TURLØYPER<br>NÆR NORHEIMSUND/ØYSTESE | FOR LITE TOMTER - Utfordring for barnefamiliar å etablere seg.<br>IKKJE VELFUNGERANDE BUSTADMARKNAD<br>DÅRLEG KOLLEKTIVTILBOD<br>UTMAGRING AV OFFENTLEGE TILBOD<br>YRKESFAG FORSVINN FRÅ KVAM VIDAREGÅENDE SKULE<br>BÅTHAMNUTBYGGING SPILTTER BYGDA<br>INNPASS I SOSIALE NETTVERK Som i alle bygder, folk held på med sitt, ikkje så lett å koma inn.<br>INFRASTRUKTUR - Manglar gang- og sykkelveg Tørvikbygd – Aksnes (til Norheimsund) |
| ***MOGLEGHEITER*** *(trendar og utvikling generelt og utanfor tettstaden)* | ***TRUGSLAR*** *(trendar og utvikling generelt og utanfor tettstaden)* |
| OMLEGGING TIL ELBILAR - Ladestasjon er sakna i Tørvikbygd.<br>FOSSILBILAR FORTSATT I BRUK - Burde hatt sjølvbetjent bensinstasjon<br>TURISMEN ER STOR I HARDANGER - Utnytte dette betre<br>BÅTTURISMEN - Pumper på kaien for diesel og bensin<br>FOLK ER MOBILE - Folk kan ta med seg jobben hit, og arbeidsgjevar kan vere ein annan plass.<br>NÆRINGSLIV I ENDRING – Leit etter nye moglegheiter<br>INFRASTRUKTUR - E134 vert meir og meir brukt.<br>MANGE VIL BU I LEILEGHEIT – Bygg leilegheiter sentralt i Tørvikbygd<br>KOMMUNEN KAN NYTTE HØVET TIL Å HANDLE LOKALT | UTKANTANE I KOMMUNEN VERT NEDPRIORITERTE - Kvam herad bør ta vare på utkantane sine.<br><br>TRUSLER OM SKULENEDLEGGING<br><br>HANDELSLEKKASJE - Om omsetnaden fell kan butikken forsvinna. |

**SWOT Etter intervjurunden våren 2021 og samling 31. august, Tørvikbygd.**

**Styrkar (trekk ved tettstaden)**

**GLAD I BYGDA**

Folk som bur her er glad i tettstaden sin.

**LOJALITET**

til butikk, skule og barnehage.

**VILJESTYRKE**

Får ting til. Er med på ting.

**LIVSGLEDE**

Positiv mentalitet.

**FRIVILLIGHEIT**

Godt at vi har kvarandre.

Hadde det ikkje vore for at vi hjelper kvarandre hadde ikkje bygdene eksistert.

**INNSATSVILJE**

Skal dette gå, må vi ofre noko. Me må gje for å få noko tilbake.

**DUGNADSÅND**

Skytebanen i Vangdalsåsen og aktivt ungdsomslag som skaper aktivitet som døme.

**UTVIDINGA AV HARDINGSMOLT**

Investert 300+300 mill, rundt 30 arbeidsplassar når det er ferdig utbygd.

**BYGGJEFELT UNDER UTVIKLING**

Fuglafjell /Jarle Tveiten

**NY BÅTHAMN**

Privat initiativ, uavklara juridiske tilhøve.

**FLOTTE MERKA TURLØYPER**

Mykje brukt.

**NÆR NORHEIMSUND/ØYSTESE**

Kan enkelt nytte tilbod som finnst i Norheimsund/Øystese. Er ein del av same bu- og arbeidsregion.

Men fortsatt litt langt unna for eldre og barnefamiliar som treng tenester nært.

Berge Gard & Gartneri trekkjer folk frå Øystese og Norheimsund til Tørvikbygd.

**Veikskap (trekk ved tettstaden)**

**FOR LITE TOMTER**

Utfordring for barnefamiliar å etablere seg.

**IKKJE VELFUNGERANDE BUSTADMARKNAD**

Manglar leilgheiter - lite dynamikk i bustadmarknaden.

**DÅRLEG KOLLEKTIVTILBOD**

Allereie magert tilbod vert redusert i skuleferiane

**UTMAGRING AV OFFENTLEGE TILBOD**

Jo meir ein tek vekk, jo mindre vil folk busette seg

**YRKESFAG FORSVINN FRÅ KVAM VIDAREGÅENDE SKULE**

Bilfag, elektro og bygg er borte

**BÅTHAMNUTBYGGING SPILTTER BYGDA**

Uavklara juridiske tilhøve etter at havna er ferdigstilt.

**INNPASS I SOSIALE NETTVERK**

Som i alle bygder, folk held på med sitt, ikkje så lett å koma inn.

**INFRASTRUKTUR**

Manglar gang og sykkelveg Tørvikbygd - Aksnes.

Kople saman Tørvikbygd - Norheimsund -Øystese med gang- og sykkelveg.

## Moglegheiter (trendar og utvikling generelt og utanfor tettstaden)

**OMLEGGING TIL ELBILAR**

Ladestasjon er sakna i Tørvikbygd.

**FOSSILBILAR FORTSATT I BRUK**

burde hatt bensinstasjon - ubetjent/med automat.

**TURISMEN ER STOR I HARDANGER**

Søke om status for Kvam som typisk turistkommune. Gir moglegheit for søndagsope og auka omsetnad.

Meir hyttebygging, skaper omsetnad og meir lokal handel.

**BÅTTURISMEN**

Pumper på kaien for diesel og bensin

**FOLK ER MOBILE**

Få folk utan tilknytning til Kvam til å flytte hit.

Folk kan ta med seg jobben hit, og arbeidsgjevar kan vere ein annan plass.

**NÆRINGSLIV I ENDRING**

Sjå nye moglegheiter.

Døme: Hardingsmolt kjem til å ha ein årleg produksjon av 3000 tonn slam - som er ein ressurs.

Oppsamling av slam + + frå oppdrett i åpne merder er i utvikling, nye konsept med lukka merder -

det som i dag er avfall vil bli ein stor ressurs.

**INFRASTRUKTUR**

E134 vert meir og meir brukt. Meir kundar til butikken i Tørvikbygd.

På lang sikt - Hordalansdiagonalen - Tørvikbygd vert nærare Bergen

**MANGE VIL BU I LEILEGHEIT**

Bygg leilegheiter sentralt i Tørvikbygd med gangavstand til butikk, ferje og busshaldeplass.

Leilegheiter sentralt i Tørvikbygd vil ha god bussforbindelse til Bergen og Oslo. Enkel tilgang til Hardanger.

Bygg med rett kvalitet/utforming vil og vere attraktive for pensjonistar i Bergen og andre som sel einebustaden sin.

Det er og ein marknad for leilegheit som fritidsbustad.

**KOMMUNEN KAN NYTTE HØVET TIL Å HANDLE LOKALT**

Innkjøp til barneahge og skule lokalt

## Trugslar (trendar og utvikling generelt og utanfor tettstaden)

**UTKANTANE I KOMMUNEN VERT NEDPRIORITERTE**

Kvam herad bør ta vare på utkantane sine.

**TRUGSLAR OM SKULENEDLEGGING**

Om skule, barnehage og butikk forsvinn vert Tørvikbygd eit ferjeleie.

Trugsel om skulenedlegging kveler lysta til å flytte til Tørvikbygd for småbornsfamiliar.

**HANDELSLEKKASJE**

Om omsetnaden fell kan butikken forsvinna.

Dei som bur i Tørvikbygd må i større grad handla lokalt/lojalt om dei vil behalda butikken.

| | |
|---|---|
| ***STYRKAR*** *(trekk ved tettstaden)*<br>**God stad å bu – arbeide – koma på besøk – drive næring**<br>FIN, KOMPAKT OG SJARMERANDE TETTSTAD<br>GODE HANDELS- OG TENESTETILBOD<br>DYNAMISK OG I ENDRING<br>KNUTEPUNKT KOMMUNIKASJON<br>NÆR BERGEN OG FLESLAND<br>BREITT TILBOD SAMAN MED ØYSTESE<br>OVERSIKTLEG,GODT OG MANGFALDIG SAMFUNN<br>FUNGERANDE BUSTADMARKNAD<br>MEIR STABIL ARBEIDSKRAFT ENN I BYEN<br>NATUREN<br>NÆRINGSLIVET TEK ANSVAR FOR TETTSTADEN<br>GODT SAMARBEIDSKLIMA<br>HYTTENE PÅ KVAMSKOGEN<br>DEL AV HARDANGER, ATTRAKSJONSRIKT OMRÅDE | ***VEIKSKAP*** *(trekk ved tettstaden)*<br>NOKO ER PÅ VEG NED<br>HANDELSTILBOD VERT REDUSERT - INKLUDERT TOMME LOKALE<br>SAMARBEIDSKULTUR<br>KNIVINGA MELLOM NORHEIMSUND OG ØYSTESE<br>FOR SVAKT SAMARBEID I NORHEIMSUND<br>MARKNADSFØRING<br>STØRRELSE<br>ARBEIDSMARKNADEN<br>FOR LITEN?<br>TRONG FOR UTVIKLING<br>INFRASTRUKTUR - FOR MYKJE GJENNOMGANGSTRAFIKK<br>GAMMAL BYGNINGSMASSE FOR NÆRING - FOR LITE LIV<br>UTEROM KAN VERTE BETRE - YRKESFAG PÅ VGS VERT BYGD NED<br>FOR LITE FELLES KUNNSKAP OM KVA SOM SKAL TIL |
| ***MOGLEGHEITER*** *(trendar og utvikling generelt og utanfor tettstaden)*<br>STATLEGE TILTAK t.d. STATLEG SATSING PÅ KULTUR/MUSEUM<br>FYLKESKOMMUNALE TILTAK t.d. NY VGS SKULE I SENTRUM<br>MOBILITET - MOBILE PENSJONISTAR - MOBILE ARBEIDSTAKARAR<br>INTERNETTET - NYE MOGLEGHEITER<br>TURISME I VEKST OG ENDRING - VIDAREUTVIKLE BESØKSNÆRING<br>VEGFARANDE SOM RESSURS - MYKJE TRAFIKK SOM GÅR FORBI<br>KULTUR - KORLEIS GJER VI DET HER? KULTUR FOR UTVIKLINGSPROSJEKT<br>DET GRØNE SKIFTET - MEIR MERKSEMD PÅ BEREKRAFT | ***TRUGSLAR*** *(trendar og utvikling generelt og utanfor tettstaden)*<br>HANDELSLEKKASJE BERGEN<br>NETTHANDEL<br>INFRASTRUKTUR - VEGSAMBAND<br>- TRAFIKK GJENNOM SENTRUM<br>TILTAK I VESTLAND FYLKESKOMMUNE<br>SENTRALISERING<br>KUNDER I BEVEGELSE - TIL SAMNANGER OG ODDA<br>SVAK PÅVERKNINGSKRAFT - OM REGIONEN ER SVAKT REPRESENTERT PÅ FYLKESTINGET |

**SWOT Etter intervjurunden våren 2021 og samling 26. august, Norheimsund.**

**Styrkar (trekk ved tettstaden)**

**GOD STAD Å BU - GOD STAD Å ARBEIDE - GOD STAD FOR DEI SOM KJEM PÅ BESØK - GOD STAD Å DRIVE NÆRING**

**FIN, KOMPAKT OG SJARMERANDE TETTSTAD**

Tettstadutviklingsprosjektet vende Norheimsund mot fjorden, bind saman Fartøyvernsenteret og sentrum.
Gjestar har det bra her "Fantastisk sted!". Flott strandvei, strand og park. Fleire plasser ein har lyst til å sette seg ned.
Gjestehamna er like stor som hotellet - eit godt tilbod.
Løft på 90-talet, er tida inne til eit nytt løft? - strandveg til Rema? Piazza i Nedstegata - kunne blitt så fint! Meir utekafear.
Sentrum er piffa opp. Hotellet er oppgradert.
Handlegate, ikkje kjøpesenter - tilreiseiande får noko anna enn dei er vane med. Ikkje berre kjedebutikkar.
Folk føler seg velkomne når dei kjem hit.
Fint, estetisk godt og velstelt sentrumsmiljø.
Hyggelege kafear, godt utval.
Kvaliteten har stege voldsomt dei siste åra, dei som kjem skryt av plassen.
Skulle hatt ein skikkeleg restaurant ut mot sjøen.
Skulle hatt fleire båtplassar.
Gratis parkering er eit gode.
Folk kjem eins ærend frå andre plasser til Norheimsund pga heilskapen i tilboda.
Folk som kjem hit uten forkunnskap vert overraska over tilboda dei finn her.

**GODE SERVICE/HANDELS- OG TENESTETILBOD**

Har det vi treng i kvardagen.
Folk får tak i det meste utan å reise langt. Høyrer frå hyttefolk og andre at det er god kundeservice.
Kvalitetsbutikkar i fleire bransjer.
Butikkar som strekkjer seg langt.
Variasjon i tenestetilbodet.
God mix av faghandler med fagkompetanse og kommunalt administrasjonssenter.
Tradisjon for vare- og servicetilbod i Norheimsund.

**DYNAMISK OG I ENDRING**

Ikkje snakk om dei tomme lokala - det skjer ei endring av tilbod.
Kjøpekraft opp - tenestekjøp auker - sykkelreparasjon og pizza istadenfor tradisjonell varehandel.
Vidaregående skule kjem i sentrum - ein boost for sentrum.
Delte meiningar - trening/solarium /pizza vs varehandel.
Verksemder utvider geografisk område, nye samarbeidskonstellasjonar.
Oppdrettsnæring som er innovative, og ynskjer å forbetre seg.

**KNUTEPUNKT KOMMUNIKASJON. NÆR BERGEN OG FLESLAND**

Fordel i høve busetting. Har mye lokalt, men kan og emkelt reisa.
Stort omland for handel.
Kan bu her og pendle til Bergen.

**BREITT TILBOD SAMAN MED ØYSTESE**

Hardangerbadet, ny attraksjon

**OVERSIKTLEG, GODT OG MANGFALDIG SAMFUNN**

Mange kjenner mange. Gode moglegheiter for å veilede kundar. Personleg kontakt med kundane.
Barnehage, skuile og vidaregående er bra.
Kultur- og idrettstilbod er bra. Legetenester er bra. Rikt organisasjonsliv.
Lojalitet. Folk ynskjer lokale verksemder.
Mangfaldig næringsliv med fleire gode verksemder. Mykje forskjellige folk.

**FUNGERANDE BUSTADMARKNAD**

Temperaturmåler på samfunnet.
Treng fleire einebustadtomter.

**MEIR STABIL ARBEIDSKRAFT ENN I BYEN**

**NATUREN**

Vakkert, til å brukes. Fjord og fjell.
Reint, sikkert og trygt.
Utvikle tilbod- nytte Tokagjelet til noko? Sykling på Kvamskogen? Utvikle Sandvenholmen vidare?
Allemannsretten må vernast - private freister å begrense - heradet må passe på.

**NÆRINGSLIVET TEK ANSVAR FOR TETTSTADEN**

Næringslaget med blomar, pynting og reinhald - butikkane betaler, men folk veit ikkje om det.

**GODT SAMARBEIDSKLIMA**

Felles jobbing, magasin, torgdag m.m.

felles innsats, reint og ryddig.

Næringsdrivande anbefalar kvarandre.

Norheimsund Næringslag og Øysetese Næringslag jobber saman

**HYTTENE PÅ KVAMSKOGEN**

Hyttefolket nytter Norheimsund til forskjellig, heile året.

**DEL AV HARDANGER, ATTRAKSJONSRIKT OMRÅDE**

God klang, mykje turistar frå inn- og utland. Dei norske handlar mest.

## Veikskap (trekk ved tettstaden)

**NOKO ER PÅ VEG NED**

**HANDELSTILBOD VERT REDUSERT**

Butikkar legg ned. Handelstilbodet er viktig for oss som bur her og for Kvamskogen.

Bredden i utvalet vert redusert. Tap også når ein konkurrent legg ned - redusert utval for kundane.

Tomme lokal, ser ikkje bra ut.

Mix'en av butikkar har ikkje same breidde som før.

Vitaliteten i handlegata er på veg ned.

Kreative løysingar som VIPPS-betaling for varer som står ute før/etter opningstid kan hjelpe.

Norheimsund - om definert som "typisk turiststad" - kan ha søndagsope etter helligdagsfredloven §5 .

Støtte opp under grunderar - fadderordning med erfarne næringslivsfolk ?

INDUSTRI FORSVINN, 1 møbelfabrikk att.

**SAMARBEIDSKULTUR**

**KNIVINGA MELLOM NORHEIMSUND OG ØYSTESE**

Vi vinn ikkje noko på dette.

Mistillit mellom bygdene.

Det ligg ein undertone mellom Norheimsund og Øystese.

Tettsadene kjemper for sin sak.

..har komme seg. Skille Norheimsund/Øystese vert litt viska ut - meir samarbeid på tvers av bygdene, dette vil bli betre.

**FOR SVAKT SAMARBEID I NORHEIMSUND**

Regionalt: Voss burde vore meir støttande.

Lokalt: for dårleg samarbeid mellom næringsdrivande og gårdeigarar.

Kan meir samarbeid gi betre og meir heilskapeleg mix /lokalisering av nokre butikkar?

Målretta samarbeid for å få inn andre bransjerdet kan vere behov for.

**MARKNADSFØRING**

For svak til å få fram moglegheitene som finnst - mister kunder fordi dei ikkje veit om kva som finnst.

Marknadsføring av Norheimsund som handlesenter kunne vore styrka.

Ein del innbyggjarar veit ikkje kva tilbod vi har i Norheimsund

**STØRRELSE**

**ARBEIDSMARKNADEN**

Moglegheiter lokalt for jobbskifte er begrensa.

Om to kjem flyttande, vanskeleg å finne jobb til begge.

Litt tilfeldig om kompetanse er tilgjengeleg, sett frå arbeidsgjevar sin ståstad.

For lite arbeidsplassar, folk flytter vekk.

Tøffare å få tak i arbeiskraft.

ikkje stort utval i arbeisplassar som krev høgare utdanning.

**FOR LITEN?**

Mange butikkar driv marginalt. Handelstilbodet har vore større enn innbyggjartalet tilseier.

Manglar kulturhus ala Stord/Leirvik med bibliotek/kino/konsertar - møteplass.

Lokal samfunnet manglar 19-30 åringane som reiser ut på utdanning.

Litt sårbar storleik, for lite kundegrunnlag i nokre bransjar.

**DYRARE Å DRIVE ENN I BERGEN**

transport, smådriftsulemper

TRONG FOR UTVIKLING

**INFRASTRUKTUR**

For dårleg vegstandard i/rundt Kvam

Tunell under Kvamskogen - lettare for pendlarar å busette seg.

**FOR MYKJE GJENNOMGANGSTRAFIKK**

Ukoseleg. E134/Haukelitrafikken har auka, og vil fortsette å auke. Tungtrafikk i sentrum, støv og støy.

Gjennomgangstrafikken skjønner ikkje kor dei skal stoppe - dårleg skilting.

**GAMMAL BYGNINGSMASSE FOR NÆRING**

